

NYTT OM NAMN

Meldingsblad for
Norsk namnelag



Redaksjon:

Botolv Helleland (ansv.) (botolv.helleland@iln.uio.no)

Gudmund Harildstad (gudmund.harildstad@iln.uio.no)

Vidar Haslum (vidar.haslum@uis.no)

Redaksjonssekretær:

Klaus Johan Myrvoll (k.j.myrvoll@iln.uio.no)

Utgjevarstad:

Institutt for lingvistiske og nordiske studium / Namnegransking
Universitetet i Oslo

Nr. 47 – 2008

Redaksjonen vart slutført 15. august 2008

Adresser m.m.

Norsk namnelag, Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydneplassen 7, 5007 Bergen. Bankgiro: 6501.41.08704. Kontingenten er 150 kroner for året og inkluderer *Namn og Nemne* og *Nytt om namn*.

Tidsskriftet *Namn og Nemne*, Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydneplassen 7, 5007 Bergen. Tlf. 55 58 24 22.

Meldingsbladet *Nytt om namn*, Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo, Postboks 1102 Blindern, 0315 Oslo. Tlf. 22 85 43 78.

INNHALD

LEIAR

- Olav Veka: Eigeidsrett til jord og namn? 3
Botolv Helleland: Omtale av hovud- og masteroppgåver 4

NORSK NAMNELAG

- Olav Veka: www.norsknarnnelag.no 5

MØTE OG KONFERANSAR

- Konferanse om familienamngeografi, Mainz, Tyskland 2.–4. oktober.... 5
Botolv Helleland: Internasjonal konferanse om namn og identitet II 6

STADNAMNTENESTA

- Terje Larsen: Klagenemnda for stadnamnsaker 9
Terje Larsen: Samrådsmøtet for Stadnamntenesta og Statens
kartverk 2008..... 12

NORMERING OG BRUK AV NAMN

- Botolv Helleland: Striden om gardsnamna 12
Ole Kristian Åsgård: Gatenavnprosjekt i Oslo. Kommunen ønsker å få
slutt på skiltslurv..... 15
Botolv Helleland: Kan kven som helst gje namnlause fjelltoppar
namn?..... 17
Pål Wehus/Botolv Helleland: Spørsmål og svar om namn på
bustadområde..... 19

NORNA-NYTT

- Gulbrand Alhaug: Namn og kulturelle kontaktar. NORNA-symposium
i Hapsal (Estland) 22.–25. mai 2008 21
NORNA-symposium om eldre samfunn i 2009 23

ICOS-NYTT

- Den 23. internasjonale namnegranskarkongressen..... 23

FN-NYTT

- Den 9. FN-konferansen om stadnamn i Nairobi 2009..... 24

ANNA MELDINGSSTOFF

- Doktorgrad om fornorsking av samiske stadnamn 24

Ny professor i namneforskning i Uppsala.....	25
Botolv Helleland: Sørsamisk fyrsteplass i Unge forskarar 2008	25
Peter Slotte: Kurt Zilliacus 1927–2008	26
Om stadnamn i stortingsmelding nr. 35	28
Olav Veka: Norske etternamn som salsvare	31
Botolv Helleland: Namenkundliche Informationen	32
Ivar Utne: Fornavnsrapporter gis bort.....	32
ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN	
Finn E. Isaksen: Hvordan bør et historielag ta vare på stedsnavn? En kort kommentar	33
Ivar Utne: Auka likestilling for etternamn i ekteskap i USA.....	34
BOKOMTALAR	
Vidar Haslum: Bok om stedsnavna i Kjose	37
Lars S. Vikør: Vennekraft til Tom Schmidt.....	40
Olav Veka: Rapport frå stadnamnprosjektet i Sogn og Fjordane	43
Botolv Helleland: Nordisk runenamleksikon i bokform.....	44
Botolv Helleland: Heidersskrift til Mats Wahlberg	45
Terje Larsen: Språk i Norden 2008	46
OMTALAR AV HOVUD- OG MASTEROPPGÅVER	
Vidar Haslum: Praksis i normeringen av gardsnavn.....	47
Vidar Haslum: Fjellnavn på Sunnmøre	49
Gulbrand Alhaug: Skilnad i namnemønsteret i to nordnorske område...51	
Fleirnamnsskikken i Nordland på 1700-talet	52
Aud-Kirsti Pedersen: To hovudoppgåver om stadnamn frå Vestvågøya i Lofoten.....	53
Aud-Kirsti Pedersen: Hovudoppgåve innafor feltet litterær onomastikk	56
Gulbrand Alhaug: Personnamn i eit språkkontaktområde	58
Tom Schmidt: Navn på fjordhingster.....	60
Tom Schmidt: Jentenavn i Moss og Løten.....	62
Botolv Helleland: Jamføring av stadnamn i Fjaler og på Færøyane.....	64

LEIAR

EIGEDOMSRETT TL JORD OG NAMN?

At ein grunneigar sit med eigedomsretten til jorda si, er sjølvsagt. Eigedomsretten ligg nedfelt i sjølve omgrepet «grunneigar». Men dei språklege uttrykka knytte til grunnen, stadnamna, er kulturell allemannseige. Smånamna rundt omkring, namn på myrar og tjørnar, haugar og bakkar, dukkar sjeldan opp i medieverda endå om dei også blir normerte på kart i samsvar med lov om stadnamn. Det er først når vi nærmar oss toppen av namnehierarkiet at striden om normering melder seg for alvor, og di høgare opp vi kjem, di større blir engasjementet.

Skrivemåten av landsnamnet vårt vekker sterke kjensler, det handlar om sjølve identiteten for nordmenn. Fornorsking og utskifting av fylkesnamn skapte store bølger for snart hundre år sidan, men den striden har lagt seg, også om skrivemåten *Aust-Agder*, endå vi ofte høyrer forma «Øst-Agder» i massemedium utan at nokon hittil har gått inn for å innføra den forma offisielt.

Kanskje nokon framleis hugsar den kvasse debatten då namneforma *Tveita* for *Tveten* vart vedteken i Oslo for femti år sidan? I dag er den striden gløymd, og det utskifta namnet finst i dag visstnok berre att i Tveten gård. Sameleis er det knapt nokon i dag som vil byta ut *Kolbotn* i Akershus med *Kullebund*, som mange ville ha før krigen.

Etter godt hundre år med reglar om korleis stadnamn skal skrivast, er det for det meste i gardsnamnsjiktet striden om normering enno ikkje har lagt seg, og det er det nære sosiale og psykologiske bandet mellom slektsnamn og gardsnamn som er forklaringa. Eig ein garden, eig ein gardsnamnet, vil mange hevda. Når Kartverket normerer skrivemåten av gardsnamnet, vil nokre grunneigarar sjå det slik at dei tuklar med slektsnamnet deira, og det fører framleis til reaksjonar, no sist på Toten der bønder til og med har reist til Stortinget for å tala si sak for dei folkevalde, som har lova å sjå på saka.

Slektsnamn og gardsnamn har ulik funksjon og ber ulik tradisjon endå om dei i mange tilfelle er språkleg identiske. Gardsnamn kan vera over tusen år gamle, ein språkleg arv frå mellomalderen som samfunnet må ta vare på, medan slektsnamn høyrer vår tid til. Ikkje før i 1923 vart det lovfest at alle nordmenn skulle bera eit etternamn. Etternamna er private og kan normerast nokså fritt, medan gardsnamna høyrer til vår felles språkkultur og skal normerast av dei organa samfunnet har valt ut. Det er viktig at det blir spreidd kunnskap om dette skiljet, og kronikken i *Aftenposten* 8. juni i år, «Striden om gardsnamna», av namnekonsulent Botolv Helleland, spreier slik kunnskap (prenta på nytt i dette nummeret av *Nytt om namn*). I skrivande stund har kronikken ikkje utløyst motinnlegg om den retten Kartverket har til å normera gardsnamn, men derimot dukkar den seigliga

striden om landsnamnet *Noreg – Norge* opp på nytt. Den skal vi ikkje nærma oss her.

Olav Veka
veka@online.no

OMTALE AV HOVUD- OG MASTEROPPGÅVER

Nytt om namn har til mål å formidla det viktigaste av det som går føre seg innanfor namnegransking og namnerøkt i landet. Ein viktig del av den faglege verksemda er studentoppgåvene på ulike fagsteg, og då særleg i hovud- og masteroppgåver som vert skrivne i samband med eksamen til den høgare graden ved universiteta. Fram til 2007 kunne ein levera hovudoppgåver, men alt i 2003 gjekk ein over til masteroppgåver som ein lekk i internasjonaliseringa av studiet. Masteroppgåvene skal normalt vera på om lag hundre sider, medan dei tradisjonelle hovudoppgåvene gjerne nådde opp i to–tre hundre sider.

Redaksjonen av *Nytt om namn* har ikkje noko heilt nøyaktig tal over kor mange hovud- og masteroppgåver som er skrivne i namnegransking sidan dei fyrste vart skrivne i 1920-åra, men det dreiar seg om godt over 200, dei fleste om stadnamn. Til saman inneheld desse arbeida mykje interessant materiale og representerer verdfulle tilskot til namnegranskinga.

Ei rekkje hovud- og masteroppgåver har vore omtala i *Nytt om namn* før, men med ujamne mellomrom, og ikkje alle har kome med. Dette vil me bøta på no, og då slik at dei fleste oppgåvene frå dei seinaste åra vert kommenterte i dette nummeret av meldingsbladet. Dei som ikkje kjem med her, vil få plass i neste nummer. Redaksjonen har valt å nytta «omtale» og ikkje «melding» sidan kandidatane har fått sine karakterar for dei ymse arbeida. Føremålet er altså å gje ein kort presentasjon av materiale, metode og dei viktigaste resultatata i oppgåva. Truleg vil forfattarane setja pris på at ein fagperson gjev denne omtalen.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

NORSK NAMNELAG

WWW.NORSKNAMNELAG.NO

Norsk namnelag har endeleg flytta inn på eit webhotell med eiga adresse og heimeside (www.norsknamelag.no). Det har vore lang dags ferd mot publisering på verdsveven, av fleire grunnar. Den viktigaste handlar om økonomi. Det er inga sak å leiga eit firma til å utforma ein funksjonell, fiks og fancy nettstad, men det kostar flekk. Derfor har vi (les: leiaren og kona) snikra vårt eige oppsett med hjelp av eit avansert redigeringsprogram, kanskje for avansert, for det har vore tidkrevjande å setja seg inn i, men vonleg vil det gje utteljing på lengre sikt sidan vi kan pussa på og utvikla sidene etter kvart. Og det trengst, både når det gjeld utforming og innhald.

Det viktige i denne omgangen er at vi er på verdsveven med dei eineståande mulegheitene som finst her til informasjon om aktiviteten i laget, til medlemskontakt og til kontakt med namneinteresserte både innanlands og utanlands. Berre språket set grenser.

Innhaldslistene i *Namn og Nemne* vil bli lagde ut etter kvart, og alt no vil du finna innhaldslistene for dei seinaste nummera av *Nytt om namn*. Etter kvart vil vi vurdera om laget også skal leggja ut på nettet heile nummer av tidsskrifta.

Aktiv bruk av nettsidene vil gjera arbeidet i Namnelaget enklare. Her vil du enkelt finna den informasjonen du treng for å kontakta leiaren, styremedlemmer, rekneskapsføraren, redaktørane av *Namn og Nemne* og redaksjonen i *Nytt om namn*. Bruk nettsidene! Og meld frå om feil eller manglar, stoff og lenkjer du saknar. Vi vil oppdatera sidene etter kvart.

Olav Veka
veka@online.no

MØTE OG KONFERANSAR

KONFERANSE OM FAMILIENAMNGEOGRAFI Mainz, Tyskland 2.–4. oktober 2008

Studiet av familienamn (slektsnamn, etternamn) har ein sterk posisjon i Tyskland. Tyskarane har òg vist stor interesse for heimfesting av dei ymse etternamntypene, og til hausten vert det arrangert eit internasjonalt symposium om familienamngeografi ved Johannes Gutenberg-Universität i Mainz. Dei fleste føredragshaldarane er tyske eller frå tysktalande land. Føredragstitlane har til dels allmenn karakter som familienamngeografi i

Sveits, familienamngeografi i Spania, familienamnatlas i Austerrike, italiensk familienamngeografi, til dels meir spesielle vinklingar som familienamn i marknamn, familienamnformer av førenamnet *Nikolaus*, familienamn som vitnemål om flukt og forvising. To svenske føredragshaldarar vil òg delta: Thorsten Andersson skal tala om austnordisk og vestnordisk familienamngeografi, medan Eva Brylla går nærare inn på etternamngeografien i det austlege Skandinavia. Nærare om programmet på: www.igl.uni-mainz.de/fileadmin/user_upload/files/forschung/familiennamenatlas/Programmplanung.doc.pdf.

INTERNASJONAL KONFERANSE OM NAMN OG IDENTITET II

Fredag 21. november 2008

Georg Sverdrups hus (Universitetsbiblioteket), Blindern

**Arrangør: Forskargruppa for namn og identitet (Namnegransking),
Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo**

Namn og identitet er eit vidt forskingsfelt med mange innfallsvinklar, men òg med mange metodiske problemstillingar. Jamvel om namn ofte vert kopla til identitetsomgrepet, er det ikkje liketil å gå laus på dei spørsmåla som reiser seg. Den metodiske tilnærminga ligg ikkje i dagen. Identitet er ein abstrakt storleik, likevel med koplingar til konkrete tilhøve. Ein kan seia at namn er knaggar som ber oppe ulike former for identitet for dei som brukar namna. Det kan vera personnamn, stadnamn eller andre namn. Den finlandssvenske namnegranskaren Lars Huldén har sagt det slik: «Namn och plats hör i hop, ... Namnet är en nyckel till minnen och upplevda intryck. Att känna samma namn är detsamma som att veta lite om varandra.» Korleis opplever t.d. dei mange tusen innvandrarane i Noreg tilhøvet mellom sine namneskikkar og norskspråklege namn? Kan ein tala om ein norsk-pakistansk namneidentitet, eller ein norsk-somalisk?

På Namnegransking ved Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo, er det skipa ei eiga forskargruppe kring namn og identitet. Den 16. november 2007 skipa gruppa til den fyrste konferansen om emnet på Blindern. No, eit år etter, inviterer gruppa til ein ny konferanse om emnet, denne gongen òg med internasjonal deltaking. Gjennom tolv føredrag vil fagfolk frå fem land ta opp spørsmål som knyter seg til namn og identitet. Føredraga og diskusjonen kjem for det meste til å gå føre seg på engelsk.

PROGRAM

- Kl. 08.45 Opning
- Kl. 09.00 Silvio Brendler (Schwarzenbek, Tyskland): Identity of names as a crucial problem in name studies [Namneidentitet som eit avgjerande problem i namnegransking]
- Kl. 09.30 Thomas Hylland Eriksen (Oslo): Names in a multicultural society [Namn i eit fleirkulturelt samfunn]
- Kl. 10.00 Peter Jordan (Wien, Austerrike): Place-names as space related identity [Stadnamn som rom-relatert identitet]
- Kl. 10.30 Kaffipause
- Kl. 11.00 Richard Coates (Bristol, Storbritannia): Place-name alternants and their cultural significances [Stadnamnvariantar og den kulturelle tydinga deira]
- Kl. 11.30 Aud-Kirsti Pedersen (Tromsø): Can the form of a name express an act of identity? [Kan forma av eit namn uttrykkja ei identitetshandling?]
- Kl. 12.00 Ingvil Nordland (Oslo): Normering av stedsnavn – et brudd på navnebrukernes identitet?
- Kl. 12.30 Lunsj
- Kl. 13.30 Inge Særheim (Stavanger): Road/street names and cultural identity [Veg-/gatenamn og kulturell identitet]
- Kl. 14.00 Solveig Wikstrøm (Oslo): Investigating the relationship between names and identities by use of questionnaire: some methodological considerations [Gransking av tilhøvet mellom namn og identitet på grunnlag av spørjeskjema – nokre metodiske refleksjonar]
- Kl. 14.30 Maria Giovanna Arcamone (Pisa, Italy): Namen und Identität in den modernen italienischen Krimiromanen [Namn og identitet i dei moderne italienske krimromanane].
- Kl. 15.00 Kaffipause
- Kl. 15.15 Benedicta Windt (Oslo): Literary onomastics in the light of identity [Litterær onomastikk i lys av identitet]
- Kl. 15.45 Astrid Sann Evensen (Tromsø): Place-names and identity in Tor Jonsson's poetry [Stadnamn og identitet i Tor Jonssons poesi]
- Kl. 16.15 Botolv Helleland (Oslo): Names and identities – what next? [Namn og identitet – kva så?]
- Kl. 16.45 Avslutning
- Kl. 19.00 Mottaking i Oslo rådhus

Torsdag 20. november kl. 19 er føredragshaldarar og deltakarar elles velkomne til sosialt samvær med rjomegraut på Sofies plass 1 (sørsida av Bislett stadion).

Konferansen og dei sosiale arrangementa er gratis. Mat og drikke kan kjøpast i kantina i etasjen over konferansesalen. Det er fint om du melder deg på innan 14. november 2008 til Namnegransking, ILN, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo. Faks 22 85 43 81. Tlf. 22 85 43 78.

E-post: botolv.helleland@iln.uio.no

Føredragshaldarar og institusjonstilknytning (i kronologisk rekkjefylgje):

Silvio Brendler har doktorgrad i namnegransking og er forfattar/utgjevar av ei rekkje bøker, medrekna det tyske namnevitskaplege tidsskriftet *Zunamen/Surnames*. *Thomas Hylland Eriksen* er professor ved Institutt for sosialantropologi, Universitetet i Oslo, og ein nøkkelperson i CULCOM (Cultural complexity in the new Norway). *Peter Jordan* er kulturgeograf og professor ved Österreichische Akademie der Wissenschaften, Wien. *Richard Coates* er professor ved University of the West of England, Bristol, og mellom anna sekretær i ICOS (International Council of Onomastic Sciences). *Aud-Kirsti Pedersen* er fyrsteamanuensis ved Humanistisk fakultet, Universitetet i Tromsø. *Ingvil Nordland* er i ferd med å avslutta mastergraden ved Universitetet i Oslo og skriv om namnesaker som Klagenemnda for stadnamn har teke avgjerd i. *Inge Særheim* er professor ved Humanistisk fakultet, Universitetet i Stavanger, og har gjeve ut ei rekkje bøker om stadnamn. *Solveig Wikstrøm* skriv masteroppgåve om etternamn og identitet ved Universitetet i Oslo. *Maria Giovanna Arcamone* er professor ved Universitetet i Pisa og underviser i litterær onomastikk. *Benedicta Windt* er i ferd med å avslutta ei doktoravhandling om personnamn og identitet i delar av Sigrid Undsets verk. *Astrid Sann Evensen* har skrive masteroppgåve om stadnamn og identitet i Tor Jonssons poesi og er no sekretær for Stadnamntenesta for Nord-Noreg. *Botolv Helleland* er fyrsteamanuensis ved Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo, og er hovudansvarleg for konferansen.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

STADNAMNTENESTA

KLAGENEMNDA FOR STADNAMNSAKER

Sidan 1993 har sekretæren for klagenemnda for stadnamnsaker publisert vedtaka i *Nytt om namn*, fyrste gongen i nr. 19 (1994) og seinare i anna-kvart nummer (nummer med oddetal). Sidan det siste oversynet i nr. 45 – 2007 er desse vedtaka gjorde:

	Påklaga namneform, kommune, fylke	Namnetype	Ønsket åt klagaren	Vedtak i klagenemnda
1	Kvitskriuprestan, Sel, Oppl.	naternamn	Kvitskriuprestein	Kvitskriuprestan
2	Høltjønna og Høltjønnebekken, Midtre Gauldal, STr.	naternamn	Høltjønna og Høltjønnebekken	Høltjønna og Høltjønnebekken
3	Raudbekken, Raudberget, Raudstenen og Raudåsslættet, Midtre Gauldal, STr.	naternamn	Rødbekken, Rødberget, Rødstenen og Rødåsslættet	Rødbekken, Rødberget, Rødstenen og Rødåsslættet
4	Foldstad, Midtre Gauldal, STr.	gards- og bruksnamn	Folstad	Follstad
5	Bortstu, Midtre Gauldal, STr.	bruksnamn	Borstu	Bortstu
6	Sneegga, Klæbu, STr.	bruksnamn	Sneeggen	Sneegga
7	Haugan, Klæbu, STr.	bruksnamn	Haugum	Haugan
8	Skjølbakken, Klæbu, STr.	bruksnamn	Sjølbakken	Skjølbakken
9	Forset, Klæbu, STr.	gards- og bruksnamn	Forseth	Forset
10	Straum, Hitra, STr.	gards- og bruksnamn	Strøm	Straum
11	Straumfjorden, STr.	naternamn	Strømfjorden	Straumfjorden
12	Vedvik, Trondheim, STr.	gards- og bruksnamn	Vevik	Vedvik
13	Høgsteinen, Trondheim, STr.	naternamn	Høgstein	Høgsteinen
14	Kolsås, Trondheim, STr.	gards- og bruksnamn	Kulsås	Kolsås
15	Hjelopen, Leksvik, NTr.	bruksnamn	Hjellup	Hjelopen
16	Kjerkneset, Leksvik, NTr.	bruksnamn	Kirk(e)nes	Kjerkneset
17	Dulu, Leksvik, NTr.	bruksnamn	Dullu	Dulu
18	Nordaunet, Namdalseid, NTr.	gards- og bruksnamn	Nordaune	Nordaunet
19	Lissbotnen og Storbotnen, Namdalseid, NTr.	naternamn	Lissbotn og Storbotn	Lissbotnen og Storbotnen

20	Nerhevikvatnet og Øverhevikvatnet	naturnamn	Nedre Hevikvatnet og Øvre Hevikvatnet	Ner-Hevikvatnet og Øver-Hevikvatnet
21	Nerkallhammarvatnet og Øverkallhammarvatnet, Namdalseid, NTr.	naturnamn	Nedre Kallhammarvatnet og Øvre Kallhammarvatnet	Ner-Kallhammarvatnet og Øver-Kallhammarvatnet
22	Nausthaugen og Nausthaugbrua, Namsos, NTR.	naturnamn og brunamn	Nøsthaugen og Nøsthaugbrua	Nausthaugen og Nausthaugbrua
23	Leirfall, Stjørdal, NTr.	gards- og bruksnamn	Lerfald	Leirfall
24	Toskjeim, Lindås, Hl.	gards- og bruksnamn	Thorsheim	Toskheim
25	Telesbøen, Surnadal, MØRo.	gards- og bruksnamn	Tellesbø	Telesbø
26	Dalin, Vikna, NTr.	gards- og bruksnamn	Dahlin	Dalin
27	Rosvoll, Leksvik, NTr.	gards- og bruksnamn	Rosvold	Rosvoll
28	Vigtil, Leksvik, NTr.	gards- og bruksnamn	Viktil	Vigtil
29	Koppreitan, Leksvik, NTr.	gards- og bruksnamn	Kopreitan	Koppreitan
30	Midti-Seter, Leksvik, NTr.	gards- og bruksnamn	Metti-Seter	Midti-Seter
31	Flata, Leksvik, NTr.	bruksnamn	Flaten	Flata
32	Skjellbreia, Leksvik, NTr.	bruksnamn	Skjelbreia	Skjeldbreia
33	Norddal, Klæbu, NTr.	bruksnamn	Nordal	Nordal
34	Floghella, Durmålsfloget og Steinuglefloget, Rana, No.	naturnamn	Flåghella, Durmålsflåget og Steinugleflåget	Floghella, Durmålsfloget og Steinuglefloget
35	Søre Kovlitinden, Søre Andfjelltjønnna og Søre Dunderland, Rana, No.	naturnamn	Søndre Kovlitinden, Søndre Andfjelltjønnna og Søndre Dunderland	Søre Kovlitinden, Søre Andfjelltjønnna og Søre Dunderland
36	Austre Tverråga, Austre Krabbfjelltjønnna, Austre Sauvatnet, Austre Skillbekken, Austre Storakselbekken og Austre Tørrbekken, Rana, No.	naturnamn	Østre Tverråga, Østre Krabbfjelltjønnna, Østre Sauvatnet, Østre Skillbekken, Østre Storakselbekken og Østre Tørrbekken	Østre Tverråga, Østre Krabbfjelltjønnna, Østre Sauvatnet, Østre Skillbekken, Østre Storakselbekken og Østre Tørrbekken
37	Daudmannstjønnna, Rana, No.	naturnamn	Daumannstjønnna	Daudmannstjønnna
38	Broem, Namsos, NTr.	gards- og bruksnamn	Broum	Broem

39	Raudbergvika, Namsos, NTr.	bruksnamn	Rødbergvika	Raudbergvika
40	Langhåmmår, Steinkjer, NTr.	gards- og bruksnamn	Langhammer	Langhammar
41	Øyster-Oksås, Steinkjer, NTr.	gards- og bruksnamn	Øster-Oksås	Øyster-Oksås

Nokre opplysningar til oversynet:

Klagar:

Det er eigarar som står som klagar i sakene som gjeld gards- og bruksnamn. I nokre få tilfelle er dei støtta av kommunen. I sakene som gjeld naturnamn, er det vedkommande kommune som har klaga med unntak av sak 13, der ein lokal organisasjon er klagar.

Vedtaksorgan

Statens kartverk har vore vedtaksorgan i alle sakene.

Medhald/ikkje medhald

Som det går fram av oversynet, har klagar fått medhald i sak 2, 3, 33 og 36. I sak 4, 20, 21, 24, 25, 32 og 40 gjorde klagenemnda nytt vedtak, medan det opphavlege vedtaket vart stadfest i dei resterande sakene.

Dissensar i nemnda

I sak 23, 25 og 38 var røystetalet tre mot ein. I sak 36 var røystetalet to mot to og dobbeltrøysta til leiaren avgjorde saka. I dei andre sakene var vedtaket samrøystes.

Klage på avslag om gjenopptaking

Den reviderte stadnamnlova tok til å gjelde 1. august 2006, og ny forskrift var på plass 1. juni 2007. Den reviderte lova har fått ein ny paragraf om gjenopptaking (§ 7), og etter § 13 i forskrifta kan avslag på gjenopptaking påklagast til klagenemnda. På det siste møtet i klagenemnda vart to slike saker behandla:

Vasskord, Eide kommune, Møre og Romsdal:

Eide kommune hadde påklaga avslaget frå Statens kartverk på søknaden om ny behandling av vedtaket om skrivemåten *Vasskord* for namnet på gardsnummer 152 i kommunen. Vedtaket om skrivemåten *Vasskord* vart gjort av Kartverket 8.6.2002 og stadfest i klagenemnda 17.11.2003. Kommunen vil ha skrivemåten *Vassgård*.

Kommunen fekk medhald, og saka skal takast opp att. Vedtaket var samrøystes.

Nordrenut, Ulvik herad, Hordaland:

Ulvik mållag hadde påklaga avslaget frå Statens kartverk på søknaden om ny behandling av vedtaket om skrivemåten *Nordrenut* for eit naturnamn i Ulvik kommune. Vedtaket om skrivemåten *Nordrenut* vart gjort av Kartverket 5.5.2003 og stadfest i klagenemnda 22.7.2005. Mållaget vil ha skrivemåten *Norenut*.

Mållaget fekk ikkje medhald, og saka skal ikkje takast opp att. Vedtaket vart gjort mot éi røyst.

Terje Larsen
terje.larsen@iln.uio.no

SAMRÅDINGSMØTET FOR STADNAMNTENESTA OG STATENS KARTVERK 2008

Det årlege samrådsmøtet for Stadnamntenesta og Statens kartverk blir halde 17.–19. september i lokala til Språkrådet i Oslo. Som vanleg vil ein ta opp felles saker som er knytte til praktiseringa av stadnamnlova. Ei viktig sak i år blir lovframlegget som skal behandlast i Stortinget i haust. Framlegget går ut på å gje eigarar vetorett i saker som gjeld skrivemåten av bruksnamn. Dersom framlegget går gjennom, vil det få store konsekvensar for arbeidet til både Stadnamntenesta og Kartverket. I realiteten vil det også rokke ved heile grunnlaget for stadnamnlova.

Nytt i år er elles at det er invitert deltakarar frå Danmark, Finland, Island og Sverige, og at den eine dagen er sett av til føredrag med fagleg innhald. Hovudemna er gatenamn (urbane namn) og offentleg stadnamnormering.

Terje Larsen
terje.larsen@iln.uio.no

NORMERING OG BRUK AV NAMN

STRIDEN OM GARDSNAMNA

Etter lov om stadnamn er det Statens kartverk som fastset skrivemåten av dei fleste stadnamna, også gards- og bruksnamn. Mange grunneigarar er misnøgde med at Kartverket har fastsett ein annan skrivemåte enn den dei sjølve ynskjer og er vane med. Dei ser namnevedtaka som overgrep mot den private eigedomsretten og identiteten namna representerer for dei. No

har ein del av dei misnøgde organisert seg og fått namnesaka inn på den politiske arenaen. Ei gruppe politikarar i opposisjonen har teke opp ballen og kravd lovendring. Den 16. mai, altså dagen før nasjonaldagen, sende leiaren i familie- og kulturkomiteen dokument nr. 8:58 (2007–2008) til kulturminister Trond Giske med oppmoding om å endra stadnamnlova slik at grunneigaren får vetorett i skrivemåten av namnet på eigedommen.

For mange høyrer dette ut som eit rimeleg krav. Er ein eigar av eit gardsbruk, bør ein òg ha rett til å avgjera namn og skrivemåte på eigedommen. No har faktisk eigaren innverknad på kva form namnet skal ha, men skrivemåten må ta utgangspunkt i nedervd uttale og liggja innanfor norsk rettskriving.

Når lova set avgrensingar i grunneigaren sin råderett over namnet, og det jamvel finst ei lov som regulerer skrivemåten, må det ha ei årsak. Det kan vera grunn til å sjå litt på bakgrunnen. Fram til slutten av 1800-talet vart stadnamna skrivne i ein skiftande og inkonsekvent ortografi. Som eit ledd i den kulturelle og språklege gjenreisinga på 1800-talet vart det sett i gang ein prosess med oppretting av skrivemåten. På 1900-talet vart det utferdta kongelege resolusjonar om korleis namna skulle skrivast. Så i 1961 slo ein høgsterettsdom fast, med bakgrunn i skylddelingslova, at departementet ikkje hadde rett til å vedta skrivemåten av bruksnamn mot viljen til grunneigaren. Rett nok meinte ikkje Høgsterett at det offentlege ikkje skulle ha rett til å fastsetja skrivemåten, men at det trongst ein lovheimel. Dette sette i gang ein prosess som enda med at lov om stadnamn vart vedteken 18. mai 1990 (ein merkjer seg den nesten symbolske dato), med det viktige føremålet å verna om stadnamn som kulturarv. Berre Framstegspartiet røysta imot.

I praksis var det tale om å gje stadnamna ein skrivemåte som best mogeleg tok vare på stadnamna som kulturarv, og då måtte ein byggja på den nedervde uttalen, men attgjeven i ein nokolunde praktisk ortografi – etter som det ville vera uråd å gjennomføra ein rein dialektal skrivemåte. For gardsbruksnamna var det likevel slik at ein skulle ta omsyn til innarbeidde skrivemåtar så langt dei kunne sameinast med hovudregelen for normering. Samstundes var det ein føresetnad at grunneigar og kommune skulle høyrast, og det skulle leggjast vekt på deira syn så langt det kunne sameinast med normeringsreglane. Det innebar mellom anna at ein ikkje skulle nytta stumme *h*-ar eller «unorske» bokstavar som *w*, *x* og *z*. Ved ei lovendring i 2005 vart omsynet til grunneigaren forsterka, men det tydde framleis ikkje at han fekk full avgjerdsrett når det galdt kart, skilt o.l. (privat har han alltid stått fritt).

Ei viktig årsak til namnestriden er at det ofte er ei motsetning mellom gardsnamn og etternamn av gardsnamn. Det er eit særtrekk ved norsk namneskikk at så mange har eit etternamn som går attende på eit gardsnamn. Knappt noko anna europeisk land kan visa til tilsvarande tilhøve. Dersom ein

tek for seg telefonkatalogen for Oslo, vil ein sjå den norske landsbygda stiga fram i heile sitt språklege og geografiske mangfald. Dei er der alle saman, Bondevik, Sponheim, Enger og Giske, og det er monaleg fleire enn dei som dominerer i media. Av dei 169 stortingsrepresentantane har 115 eit gardsnamn som etternamn eller mellomnamn, ei fordeling som ligg nokså nær opp til landsgjennomsnittet, så slik sett kan ein seia at Stortinget er representativt for folket.

Dersom ein samanliknar etternamn med stadnamn, vil ein fort sjå at mange av dei har ein annan skrivemåte enn dei tilsvarande stadnamna. Vanlege gardsnamn som *Dal*, *Myre*, *Li* og *Voll* finst nok som etternamn med denne stavemåten, men langt meir utbreidde er *Dahl*, *Myhre*, *Lie* og *Vold*. Gardsnamnet *Kvåle* (som tyder rund høgd) vert som etternamn skriva m.a. *Kvaale*, *Quale*, *Qvale*. *Våge* finst som *Waage*, *Voie*, *Woie*, *Woye* osv.

Det vert ofte vist til at ei slekt har nytta ein viss skrivemåte i mange generasjonar. Men skikken med faste etternamn er faktisk nokså ny. Fyrst med personnamnlova i 1923 vart etternamnskikken lovregulert. Systemet med arvelege etternamn var då innarbeidd, men ein skal ikkje lenger attende enn til 1800-talet før ein møter den eldre praksisen med å ta etternamn etter staden der ein budde. Dersom ein flytte frå ein gard til ein annan, tok ein namnet til den nye bustaden. Ein kan seia at gardsnamna fungerte både som adresser og som individualisering av den enkelte. I munnleg tale vart den dialektbaserte forma brukt, men i skrift var det prestar og andre embetsmenn med bakgrunn i dansk-tysk skriveskikk som bokførte namna, og ortografien i same namn kunne ofte veksla mellom kvar gong namnet vart skriva. Då skikken med faste etternamn etablerte seg, var det gjerne skriftformene frå 17–1800-talet som vart nytta. Dermed kom namneberaren til å identifisera seg med ein forelda skrivemåte og såg gjerne at gardsnamnet fekk same form. Så når det vert klagt på at Kartverket endrar namn, er det heller slik at slektsnamnet avvik frå ein skrivemåte som har vore i bruk i matrikkel og på kart i lang tid.

I eit historisk perspektiv er altså etternamna nye, medan stadnamna er gamle, til dels svært gamle. Dei oppstod som beskrivande adresser i omgivingen, gjevne av dei som heldt til i området og oftast ikkje av dei som etter kvart vart eigarar av gardane. Stadnamn er historiske minnesmerke som fortel noko om staden den gongen namnet vart til. Dei har vorte traderte i munnleg form gjennom mange generasjonar, skriftformene er sekundære. Stadnamna er ein del av den lokale og nasjonal kulturarven, og slik sett har dei krav på vern, på line med andre typar kulturminne. Dette er ein viktig grunn til at det offentlege har sett det som nødvendig å gje stadnamna og dermed også bruksnamna ein skrivemåte som best mogeleg tek vare på dette unike kulturhistoriske og språklege materialet.

Grunneigarane har all grunn til å vera stolte over å forvalta eigedomar med namn som kan vera både eitt og to tusen år gamle, og i eit slikt per-

spektiv bør det vera mogeleg å godta ein skrivemåte som så langt råd avspeglar den historiske bakgrunnen for namnet. At ein tilfeldig skrivemåte frå 17–1800-talet skal leggjast til grunn for stadnamnet, synest uhistorisk. Gamle stadnamn er heller ikkje noko ein legg ut på sal saman med den eigedomen som ber namnet. Dei er ein del av kulturarven og eit fellesgode. Å sikra dette har vore eit hovudmotiv for lov om stadnamn.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

*Denne artikkelen stod på prent
som kronikk i Aftenposten 8. juni 2008.*

GATENAVERNPROSJEKT I OSLO

Kommunen ønsker å få slutt på skiltslurv

Aftenposten og Ingrid Dahlø fra Språkrådet var for en tid siden på rusletur i Oslo sentrum. Bakgrunnen var feilstaving av gatenavn i det offentlige rom – blant annet *Karl Johans gate*. Det de fant, var «Karl Johansgate», «Karl Johans gt.» og «Karl Johansg.». Det eneste lyspunktet for Oslo kommune var at det i dette konkrete tilfellet kun var privat skilting som var ukorrekt.

Gratisavisa fra Oslo kommune, *Oslonå*, tok imidlertid i sitt mainnummer opp kommunens slurv med gatenavnskilt. Her er to eksempler: «Øvre Vollgate» og «Øvre Voll gate» samt *Herman Foss gate* skrevet på tre forskjellige måter: «Herman Foss' gate», «Herman Foss gate» og «Herman Foss's Gade». Hensikten med artikkelen var ikke å påpeke feilene, men å fortelle om igangsettingen av en større prosess for å rydde opp i skiltslurvet.

Designhåndbok

I den kommunale forvaltningen faller språkspørsmål mellom mange stoler. Men da Oslo kommune i 1996 fattet sitt første politiske vedtak om et designprogram for kommunen, skjedde det noe. Virksomhetenes gateadresser ble synliggjort på en mye mer systematisk måte. Og dermed kom feilene tydeligere fram; for eksempel «Kingosgate» i stedet for *Kingos gate* og «Olav V's gate» i stedet for *Olav Vs gate*.

Som en naturlig del av designhåndboka vurderte vi også skrivemåten av egennavn med flere ledd, f.eks. *Oslo rådhus*, *Oslo brann- og redningsetat* og *Oslo friluftsetat*. Gjeldende rettskrivningsregler gir rom for å skrive *Oslo Rådhus*, *Oslo Brann- og redningsetat* og *Oslo Friluftsetat* i og med at første ledd, dvs. *Oslo*, er et egennavn. Men vi valgte å følge anbefalingen fra Språkrådet om at andre ledd skal ha liten forbokstav uansett om første ledd

er et egennavn. Derfor heter det *Oslo kommune* og ikke «Oslo Kommune». Det ble fattet et politisk vedtak om at denne skrivemåten skal gjelde for hele konsernet Oslo kommune.

Språkoffensiv

Dette inspirerte til et mer omfattende språkarbeid. Vi ville rett og slett slå et slag for bedre språkkultur i Oslo kommune. Vi arrangerte flere språkkurs, vi la ut serier med språktips på kommunens intranett, og i 2007 gav vi ut brosjyren «Språktips», en veiledning i korrekt språkbruk til ansatte i Oslo kommune. Dessuten ble det i 2008 startet et arbeid for å forbedre standardbrev fra Oslo kommune, det vil si å gjøre brevene mer forståelige for mottakerne. Jurister, byråkrater og informasjonsfolk slo seg sammen for å kvalitetssikre resultatene.

Som det allerede er sagt, faller språkspørsmål mellom mange stoler. Det er derfor ikke unaturlig at det var informasjonsfolk som tok initiativ til disse spørsmålene. Det er Informasjonsseksjonen i Byrådslederens avdeling som har tatt initiativ til og som leder de forskjellige språkprosjektene i kommunen.

Navnsetting av gater, veier og plasser

Så ble navnsetting av gater, veier og plasser satt på dagsordenen. Saken hadde ligget svanger en stund, men det var en konkret navnesak som satte i gang fødselen. Det er bydelsutvalgene i Oslo som på delegert myndighet foretar slik navnsetting. Bydelsutvalget i Bydel Gamle Oslo vedtok å gi en gate i Bjørvika navnet *Kong Håkon 5.s gate*. Denne saken representerer flere prinsipielle spørsmål, blant annet: Skal kongetitler være med i gate navn, og skal det brukes arabiske tall for å beskrive plassen i kongerekka? Dette er den første gata med kongenavn i Oslo der dette er gjort, jf. *Olav Vs gate*, *Kristian IVs gate* etc.

Men saken er mye mer kompleks enn det. Ved gjennomgang av de vel 3600 gatenavnene i Oslo fant vi blant annet:

- Det er mange skrivefeil i de offisielle navnedatabasene. Eksempel på dette er «Haakon VII's gate». Dette er feil som går inn i navnegrunnlaget for kartmakere, skiltmakere etc. Dette må det rettes opp i.
- Det er mange skrivefeil på gatenavnskilt der årsaken ligger hos skiltprodusent eller bestiller. Eksempler er «Per Gyntsvei», «Øvre Voll gate» og «Kristian IV's gate» samt veien som er skiltet med både «Sluttveien» og «Stuttvegen». Dessuten er det en rekke feil ved at *gate* og *vei* er forkortet *gt.* og *vn.* Dette er Samferdselsetatens ansvar, og de er allerede i gang med registrering og opprydding.
- Det er et generelt savn at det ikke er vedtatt regler for språkform eller hvordan gatenavn i Oslo skal bygges opp. I bydelsutvalgenes retningslinjer for navnsetting av gater, veier og plasser står det derfor

ikke noe om f.eks. bruk av monarktitler og arabiske/romerske tall. Det er heller ingen retningslinjer for bruk av *gaten/gata*, *torvet/torget*, *veien/vegen* etc. Bydelene har heller ingen retningslinjer for hvilken skrivemåte som skal gjelde for personnavn; skal det være moderne skrivemåte eller skrivemåten som var aktuell da personen levde.

Framdrift

Det er et svært omfattende arbeid vi nå har tatt fatt på. Realistisk framdrift er et politisk prinsippvedtak våren 2009 om felles retningslinjer for språkform. Et konkret regelverk vil være klart tidligst høsten 2009. I tillegg kommer registrering og oppdatering av navnedatabaser samt registrering og oppdatering av navneskilt med feil. Noe av dette arbeidet kan gjøres parallelt med det formelle regelarbeidet, men noe må nødvendigvis vente på det endelige regelverket. I tillegg må den tekniske og visuelle kvaliteten på skiltene vurderes.

Samarbeid med andre er en forutsetning når Oslo kommune skal sette i gang et så omfattende språkarbeid. Vi har lang og god erfaring med å samarbeide med Språkrådet. Når Stedsnavntjenesten nå er koblet inn i saken via Språkrådet, har vi den faglige bredden og tyngden som er nødvendig for framdriften i arbeidet. Dette er en type arbeid som skaper debatt. En slik debatt er viktig. Den både kvalitetssikrer og skaper interesse.

Gateskilt er en viktig kulturbærer og historiefremidler. På gamle fotografier er ofte stedsnavnskilt noe av det første vi ser etter. Og vi forutsetter at stedsnavnene er korrekte. Dette er en av drivkreftene bak dette prosjektet: at Oslo på et så viktig område skal framstå ryddig og korrekt.

Ole Kristian Åsgård

Prosjektleder for navnsetting av gater, veier og plasser i Oslo
olekristian.asgard@radhuset.oslo.kommune.no

KAN KVEN SOM HELST GJE NAMNLAUSE FJELLTOPPAR NAMN?

Redaksjonen av *Nytt om namn* har fått inn eit spørsmål som kan ha interesse for fleire, nemleg i kva grad det er mogeleg for privatfolk eller organisasjonar å gje namn til tilsynelatande namnlause lokalitetar. Det er Svein Tore Karlsen som i eit e-brev har skrive fylgjande:

I Sirdal kommune i Vest-Agder ligger en ikke navngitt fjelltopp som jeg og min svigerfamilie har et spesielt forhold til og som vi oss imellom

kaller *Gunnarsknut*. Historien bak dette navnet er kort sagt at jeg og svigerfar var på skitur på dette fjellet da hans svigerfar, min kones bestefar, døde. Hvordan burde en gå frem for å navngitt denne toppen? Er det i det hele tatt mulig?

Redaktøren i bladet, som òg er ein av statens namnekonsulentar, gav dette svaret (her noko meir utførleg):

Til dette er å seia at stadnamn oftast har vakse fram på stader som det har vore trong for å namngje, sjeldnare berre for å «ha» eit namn på lokaliteten. Det er lokalsamfunnet gjennom dei menneska som har levd og har hatt sine gjeremål i området som har gjeve dei aller fleste stadnamna. Kartverket tek opp dei namna som er innarbeidde og brukte i lokalsamfunnet, og då med eit utval som passar målestokken for det aktuelle kartet. I store målestokkar, t.d. Økonomisk kartverk, er det plass til fleire namn enn på N50-kartserien.

Dersom det er ein lokalitet, t.d. ein høgdeformasjon, som ikkje har namn på kartet, kan det likevel henda at lokale brukargrupper kjenner til eit namn. Ofte er eit slikt namn relasjonsnamn av typen *Langedalsnuten*. Dette må ein finna ut av dersom ein ikkje utan vidare kjem over eit eksisterande namn. Det kommunale kulturkontoret eller andre kommunale organ, lokale organisasjonar, grunneigarar og andre med lokalkunnskap bør spørjast med tanke på å finna ut om den aktuelle lokaliteten alt har eit namn.

Dersom ikkje nokon i lokalsamfunnet veit om namn på den aktuelle lokaliteten, og ein heller ikkje gjennom lokalhistorisk etterrøknad kjem på sporet av eit tidlegare namn, bør det vera høve til å namngje staden, og då helst i samarbeid med ovannemnde lokale instansar. Namnet bør òg få ei form som byggjer på det lokale målføret.

Ein slik heller omstendeleleg prosedyre kan forsvarast med at nye namn ikkje bør koma i staden for gamle namn. På den andre sida er det klart at med den auka bruken av naturen som rekreasjonsområde vert det stadig gjeve nye namn utan at ein spør om det. Rundt dei mange hyttegrendene finst det visseleg hundrevis av «private» namn, ofte berre nytta innanfor familien. Men ein god del får etter kvart funksjon som allment kjende namn, òg mellom dei fastbuande. Stundom vert dei nytta av fleire og kan gjerne verta innarbeidde mellom fastbuande òg.

Konklusjonen er då at ein bør forhøyra seg lokalt om eit eventuelt namn finst på staden frå før. Om ikkje ligg det til rette for namngjeving. Når det gjeld Sirdal, så har Inge Særheim gjeve ut boka *Sirdal. Namn og stader* (1992), der ein kan finna fram til aktuelle namnedøme i området. Her er samla mange namn på *-knud(en)*, og fleire namn med personnamnet *Gunnar* som førelekk. Så *Gunnarsknud*, eller helst *Gunnarsknuden* i bunden form, ville passa godt inn i det lokale namneinventaret. No kan det nok

seiast at sambandet mellom Gunnar og dette fjellet er av metafysisk karakter, men namngjevinga kan ta slike vegar òg. Om ein ikkje visste anna, kunne ein i framtida tenkja seg at her hadde ein Gunnar vore på jakt eller sett opp ein varde.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

SPØRSMÅL OG SVAR OM NAMN PÅ BUSTADOMRÅDE

Til Stedsnavntjenesten for Østlandet og Agderfylkene

Jeg var usikker på hvem jeg skulle adressere denne henvendelsen til. På oppdrag fra Otium er Recommended Reklamebyrå i en tidlig fase med å lete etter forslag til navn på et nytt boligområde og håper en av dere kan svare på noen spørsmål. Området vil når det er ferdig utbygd, ha omtrent 2000 boenheter på 800 dekar (+ infrastruktur som veier, skoler og grøntområder). Det nye området ligger innenfor de tre gamle gårdene Strømme, Beinestad og Drange. I planleggingsfasen har området blitt kalt *Benestadfeltet*. Så langt vår svært overflatiske historieforskning har kunnet bringe på det rene, ser det ut som om gården Drange er den første som blir beskrevet i området. Strømme er etablert som et boligområde sør-vest for dette nye området. *Beinestad/Benestad* og *Drange* er kun kjent svært lokalt. Disse gamle gårdsnavnene dekker heller ikke hele dette nye området.

Vår leting på gamle kart og i *Randesund Bygdehistorie* har gitt oss flere spennende navn fra området. *Poddestøl* (Paddestølen), et lite bruk under Beinestad, som ble til *Sommerro* da byfolket overtok for å bruke det som feriested så tidlig som rundt 1880. *Svalåsen*, *Drangestrand*, *Grøndalen*, *Flueheia*, *Nordåsen*, *Hestedalen* m.fl. er andre navn på områder og husmannsplasser som slik vi tolker bygdehistorien, har vært i bruk. Vi har imidlertid ikke klart å finne et navn som dekker hele dette området. Vi har derfor lyst til å drøfte om hele området kan kalles for *Drangsvann*, og momenter i denne sammenheng er:

- Området ligger langs hele Drangsvanns lengde.
- Drangsvann er kjent blant kristiansandere. De fleste vet hvor det ligger.
- Og, som reklamemann: Det er selvsagt et navn som er takknemlig å kommunisere rundt og bygge historier til.

Så, vårt spørsmål til dere blir altså:

Blir det feil å kalle et område som ligger langs et vann det samme som selve vannet? Vil *Drangsvann* etter deres mening kunne være et riktig navn? Vi kunne videre tenke oss å kalle de ulike områdene/gatene opp etter de historisk forankrede *Svalåsen*, *Drangestrand*, *Sommerro*, *Nordåsen*. Eller vil det etter deres mening være bedre med nye navn som *Drangsvann hageby*, *Drangsvanntoppen*, *Drangsvannsløyfen* eller *Drangsvann torg/Drangsvann atrium* (vil i så fall gjenspeiles i arkitekturen).

Det blir minst to hovedområder: et med hovedsaklig eneboliger og et med hovedsaklig 4- til 6-etasjes blokker. Antakelig vil disse bli noe blandet, og det vil også legges inn rekkehus og firemannsboliger. Men det vil etter all sannsynlighet bli et område (nær Strømme) som vil ha mest bypreg. Dette ble kanskje mye. Spennende område dette! Vårt hovedspørsmål blir altså: Er vi helt på jordet om vi jobber videre med navnet *Drangsvann*?

Vi skal i et møte med vår oppdragsgiver torsdag morgen (5. juni). Hvis en av dere kan komme med noen uforpliktende tanker rundt denne saken før dette møtet, så hadde det vært helt fantastisk! Vi har også tatt en telefon til Randesund Historielag og blitt enige med dem om å sende et brev til dem slik at de kan ta opp navnesaken på deres neste styremøte og eventuelt komme med et forslag/innstilling.

Med vennlig hilsen
Pål Wehus
pw@recommended.no

Svar frå Stadnamntenesta sendt 4. juni 2008:

Takk for førespurnad – me synest det er bra at utbyggingsherrar og konsulentbyrå tek kontakt med Namnekonsulenttenesta for å få råd til namnsetjing ved nye byggjefelt. Generelt legg de fornuftige prinsipp til grunn for namnsetjinga, både når det gjeld namneval og skrivemåte, altså at ein mest mogeleg går ut frå eksisterande lokale namn og lokal namneskikk. Såleis synest det naturleg å kalla bustadfeltet for *Drangsvann* etter primærnamnet på sjølve vatnet (ofte vil naturnamn av denne typen ha bunden form, men her synest den ubundne forma vera innarbeidd). Det er vanleg at eit opphavleg naturnamn (eller kulturnamn) vert overført frå naturlokaliteten til eit nytt namneobjekt som ligg på eller i nær tilknytning til den primære namneberaren. Når det gjeld skrivemåten, skal dei aktuelle gardsnamna skrivast *Drange*, *Beinestad*, *Strømme* (sjå Norgesglasset, <http://ngis2.statkart.no/norgesglasset/default.html>, og om tydinga av desse og andre gardsnamn i verket *Norske Gaardnavne*, www.dokpro.uio.no/rygh_ng/rygh_felt.html).

Dei lokale namna *Svalåsen*, *Drangestrand*, *Grøndalen*, *Flueheia*, *Nordåsen*, *Hestedalen* vil vera greie å ta i bruk for nye bustadfelt eller verksemder som knyter seg til staden for det eksisterande namnet, men ein bør

ikkje «flytta» namnet frå det området der det høyrer heime. Når det gjeld *Drangstrand*, er gardsnamnet nytta som forledd utan samansetjings-*s*, slik som i *Drangsvann*, og det tyder på at namnet er noko yngre. Det er mogeleg at eit **Drangsstrand* er kjent mellom eldre, men dersom berre *Drangstrand* er i bruk, er det greitt å velja denne forma. Det er likevel ikkje noko i vegen for å nytta *Drangs-* som forledd i nylaga namn, til dømes *Drangsbakken*. *Sommerro* er som de peikar på, eit nyare fritidsprega namn. Det gamle namnet *Poddestøl* er etter *Norske Gaardnavne* (b. 9, s. 29) skrive «Poddestøel» alt i 1668.

Drangsvannsenga, *-bakken*, *-svingen* og liknande «relasjonsnamn» kan nyttast i ein viss grad, men det bør ikkje vera for mange med same utmerkjingsledd med tanke på faren for mistyding. Etterledd som *torg*, *hageby*, *allé*, *terrasse* og liknande «urbane» namneledd bør ein helst unngå dersom ein vil halda oppe den tradisjonelle namngjevinga.

(Teksten er noko redigert i høve til korrespondansen.)

Stadnamntenesta for Austlandet og Agderfylka
Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

NORNA-NYTT

NAMN OG KULTURELLE KONTAKTAR NORNA-symposium i Hapsal (Estland) 22.–25. mai 2008

For fyrste gong vart det arrangert eit NORNA-symposium utafor Norden. Frå 22. til 25. mai var 31 namnegranskarar samla til symposium på eit spa-hotell utafor den idylliske kystbyen Hapsal i Estland. Dette var NORNAs 37. symposium og det andre i rekkja om «Namn och kulturella kontakter i Östersjöområdet». Hapsal var ein velvald stad for symposiet – også med tanke på sjølve symposieemnet. Langs den estniske Østersjø-kysten har det nemlig vori mye kontakt med andre land, bl.a. med Sverige, noko dei mange svenskrelaterte stadnamna vitnar om. Symposiedeltakarane fekk forresten oppleve dette svenske nammelandskapet under ein namneekskursjon med buss frå Tallinn til Hapsal.

Av dei 31 deltakarane på symposiet var nesten halvparten frå Finland (14), deretter kom Noreg med 6 deltakarar (4 av dei frå Nord-Noreg). Elles var desse landa representerte: Estland (4), Sverige (4), Danmark (1) og Latvia (1). Nå står det att berre éin deltakar, og ho kan karakteriseras som «internordisk»: Tuula Eskeland. Ho er opphavlig finsk, er nå studieleiar ved Finsk avdeling, Universitetet i Købehavn, og har tidligare hatt universi-

tetsstillingar i Noreg (Oslo og Tromsø). Elles var det ei skeiv kjønnsfordeling på symposiet: 21 kvinner mot 10 menn, men det er positivt at kvinnene nå kjem sterkt inn på eit fagfelt som for nokre tiår sidan var noko mannsdominert.

Sjølv om symposiet heitte «Namn och kulturella kontakter i Östersjöområdet», hadde arrangøren opna for at også foredrag som tok for seg andre kontaktområde, var velkomne. Eg vil her avgrense meg til dei foredraga som på ein eller annan måte hadde norsk tilknytning. Tuula Eskeland, som har skrivi doktoravhandling om finske namn på Finnskogane, tok til orde for at det burde settas i gang eit nordisk prosjekt om namngivinga i innvandringsområde. I kva grad kan det påvisas felles trekk i namngivinga i to innvandringsområde – t.d. svenske stadnamn i Estland og finske stadnamn i dei norske og svenske Finnskogane? Også foredraget til Irene Andreassen hadde eit kontaktperspektiv – om kvenske sjøappellativ i Nord-Noreg. Her gjorde ho bl.a. greie for eit av dei eldste kvenske stadnamna i Nord-Noreg, *Nauono fjordh* (1586) i Kvænangen. Stadnamn var også emnet for foredraget til Inge Særheim – om mulig lågtysk påverknad på stadnamn i det sørvestlige Noreg i seinmellomalderen. Hamnестaden *Notau*, som er nemnd i fleire tyske dokument frå 1400-talet, såg han på som resultat av utanlandsk – særlig lågtysk – påverknad.

Bente Imerslund har i lengre tid engasjert seg i kvenske namn i Nordreisa – både stadnamn og personnamn, og på NORNA-symposiet hadde ho foredrag om kvenske tilnamn i Nordreisa. Ho har nettopp publisert ei rikt illustrert bok om kvenske tilnamn i Nordreisa og fått positive reaksjonar frå kvenane på boka si. Ho har bl.a. fått høre at dei har ei kjensle av at boka har gitt dei tilbake ein tapt kvensk identitet. Det andre foredraget om personnamn med tilknytning til Noreg var det Minna Saarelma og Gulbrand Alhaug som stod for: «Namn på barn i Noreg med finske eller finsk-norske foreldre i perioden 1990–2006». Med utgangspunkt i eit materiale på 2588 barn kunne dei bl.a. vise at kompromisstrategiar var vanlige om den eine forelderen var finsk, den andre norsk. Såleis kunne det eine fornamnet vera norsk, det andre finsk, t.d. *Vegard Juhani*. Ole-Jørgen Johannessen har skrivi fleire artiklar om skipsnamn, og på NORNA-symposiet hadde han dette foredraget: «Navn fra antikkens historie, sagn og historie brukt som skipsnavn». Til liks med fornamna kan det også påvisas motebølgjer for skipsnamna. Som materiale brukte Johannessen skipsnamn frå 1700-talet og tidlig på 1800-talet.

I tillegg til foredraga var det ein presentasjon av ei finsk lærebok i namnegransking: *Nimistöntutkimuksen perusteet* (369 sider). Boka, som nettopp er utgitt, er skriven av Terhi Ainiala, Minna Saarelma og Paula Sjöholm. To av forfattarane deltok på symposiet, og Ainiala orienterte om stadnamna, og Saarelma om personnamna og dyrenamna. Læreboka inne-

held også ein eigen del om kommersielle namn, og det er Paula Sjöholm som har hatt hovudansvaret for den delen.

Symposiet i Hapsal kan karakteriseras som svært vellykka, og arrangørane, Terhi Ainiala og Leila Mattfolk (begge frå Helsinki), fortener ros for eit vel avvikla symposium. I tillegg til eit rikt faglig utbyte kunne deltakarane gle seg over fint vêr og godt sosialt samvære, bl.a. under festmiddagen den siste kvelden.

Gulbrand Alhaug
gulbrand.alhaug@hum.uit.no

NORNA-SYMPOSIUM OM ELDRE SAMFUNN I 2009

I tida 12.–15. mai 2009 skal det haldast eit NORNA-symposium ved Ryslinge Højskole på Fyn med tittelen «Navnemiljøer og samfund i jernalder og vikingetid». Symposiet skal setja fokus på samlingar av stadnamn innanfor avgrensa område og spørsmålet om tydingsrelasjonar mellom dei og vidare koplinga til teoriar om det samfunnet dei er laga i. Meir informasjon finn ein på nettstaden www.norna09.nfi.ku.dk/.

ICOS-NYTT

DEN 23. INTERNASJONALE NAMNEGRANSKARKONGRESSEN

Som nemnt i tidlegare nummer av *Nytt om namn* vert Den 23. internasjonale namnegranskarkongressen (ICOS-kongressen) halden 17.–22. august 2008 i Toronto, Canada.

Det er påmeldt 190 føredrag, men ein god del av desse er oppførde med to føredragshaldarar slik at talet på aktive deltakarar er høgre. Sverige sender heile fjorten, som truleg er det høgste talet for ein nasjon utanom Canada og USA. Noreg og Finland møter med fire kvar. Dei andre nordiske landa er ikkje representerte på lista så langt.

På nettstaden <http://icos2008.yorku.ca/register.php> kan ein finna meir om arrangementet, og den fylgjande peikaren viser lista med samandraga til alle føredragshaldarane: http://icos2008.yorku.ca/program/show_abstract.php?complete.

FN-NYTT

DEN 9. FN-KONFERANSEN OM STADNAMN I NAIROBI 2009

På Den 9. FN-kongressen om stadnamn i New York 21.–30. august 2008 vart det vedteke at Den 25. sesjonen i UNGEGN (United Nations Group of Experts on Geographical Names) skal haldast i Nairobi, Kenya, 5.–12. mai 2009.

Ein kan lesa meir om dette på nettstaden til UNGEGN: <http://unstats.un.org/unsd/geoinfo/>. Sekretariatet for United Nations Statistics (som UNGEGN sorterer under) gjev ut eit meldingsblad to gonger i året med tittelen *Information Bulletin*, <http://unstats.un.org/unsd/geoinfo/UNGEGN-IB-35-Final.pdf>.

I det siste nummeret (35, august 2008) kan ein lesa meir om den komande sesjonen i UNGEGN og elles om ymse aktivitetar rundt om i verda knytte til stadnamn.

BH

ANNA MELDINGSSTOFF

DOKTORGRAD OM FORNORSKING AV SAMISKE STADNAMN

Fredag 20. juni 2008 forsvara Kaisa Rautio Helander offentleg avhandlinga *Namat dan nammii. Sámi báikenamaid dáruiduhttin Várjjaga guovllus Norgga uniovdnaáiggi loahpas* [I namnet åt namna. Fornorsking av samiske stadnamn i Varanger-området i slutten av unionsperioden] for den filosofiske doktorgraden. Disputasen gjekk føre seg ved Siida-museet i Anár (Enare, Finland), og det er Giellagas-instituttet ved Universitetet i Oulu som tildeler graden. Emnet for avhandlinga er altså fornorsking av samiske stadnamn i Varanger i siste delen av unionen med Sverige (i 1876 vart det første reglementet gjeve ut, og forskingsarbeidet har teke utgangspunkt i det tidspunktet). Dette er fyrste gong ein doktorgrad om stadnamn vert avlagd på samisk. Kaisa Rautio Helander, som er oppvaksen i Finland, har arbeidd med stadnamn i mange år og har dessutan vore sekretær for Namnekonsulenttenesta for samiske og kvenske stadnamn i fleire periodar.

Marit Breie Henriksen, Kautokeino
marit-breie.henriksen@samiskhs.no

NY PROFESSOR I NAMNEFORSKING I UPPSALA

Fil.dr. Staffan Nyström er tilsett i professoratet «i nordiska språk med inriktning mot namnforskning» ved Uppsala universitet frå vårsemesteret 2008. Han etterfylgjer professor Svante Strandberg, som har gått av for aldersgrensa. Stillinga vart skipa i 1930 som eit personleg professorat for den store svenske namnegranskaren Jöran Sahlgren. Han sat i tjue år og vart etterfylgd av Ivar Lundahl i 1951. Lennart Moberg hadde professoratet 1961–1962. I 1963 vart Harry Ståhl utnemnd og sat til 1971. Han vart då etterfylgd av Thorsten Andersson, som er den som har hatt professoratet lengst til no, i 23 år. I 1994 vart så Svante Strandberg utnemnd, og i år altså Staffan Nyström.

Nytt om namn ynskjer Seminariet för nordisk namnforskning og den nye professoren til lukke.

BH

SØRSAMISK FYRSTEPLASS I UNGE FORSKARAR 2008

I finalen av konkurransen Unge forskarar 2008 vann Sanne-Marja Utsi den eine av dei to fyrsteprisane i humanistisk klasse med oppgåva *Stedsnavn i Voengel Njarke Reinbeitedistrikt*, opphavleg skriven som sær oppgåve ved Mosjøen vidaregåande skule. Dette er fyrste gongen at eit arbeid med samiske stadnamn har kome så langt opp – og faktisk delteke i denne tevlinga i det heile. Forfattaren tek for seg 67 sørsamiske stadnamn frå den sørlege delen av Nordland fylke, og då Tosbotn, Svenningdal, Majavatn, Susendal og Børgefjell. Konsulenten Ole Henrik Magga skriv mellom anna i vurderinga si av oppgåva:

Sanne-Marja Utsi skriver altså fra et sørsamisk reindriftsmiljø. Materialet er da også hovedsakelig sørsamisk, et språk som bare noen hundre mennesker behersker i dag. Hvor mange sørsamiske stedsnavn som finnes, er det vanskelig å si, men de er spredt over et stort område, og et utvalg av disse er emne for Utsis oppgave. Det er da også svært fortjenestefullt at en ungdom med en relevant språklig og miljømessig bakgrunn velger sørsamiske stedsnavn som tema, med de utfordringene det innebærer. Hun har lite parallellmateriale å støtte seg til, sammenliknet med nordsamisk og særlig norsk.

Nytt om namn gratulerer vinnaren.

BH



KURT ZILLIACUS 1927–2008

Kurt Zilliacus har oväntat avlidit i sitt hem i Myrbacka i Vanda. Han blev 80 år gammal. Kurres frånfälle är en stor förlust för en vid krets av vänner och kolleger här hemma och i de andra nordiska länderna. Så här uttryckte sig en av hans danska vänner när hon nåddes av dödsbudet: «Kurre egnede sig nok ikke til at blive en gammel, svagelig mand, så for hans skyld er det måske ikke det værste der kunne hende. Men sørgeligt er det.»

Kurt Zilliacus arbetade i över femtio års tid med de finlandssvenska ortnamnen och dialekterna. Geografiskt hade hans forskning sin tyngdpunkt i Åboland. Hans sista stora arbete var *Forska i namn* som utkom 2002, och som han privat betecknade som «texter ur mitt liv». Artiklarna belyser alltså hans mångåriga arbete med ortnamnsforskning i alla dess former: insamling, registrering, fältundersökning, grundforskning och tillämpning vid kartläggning och i namnvårdsarbete. Bokens mest omfattande avsnitt gäller namnteori, ett område där han skapade ett genomtänkt och hållbart teoretiskt underlag för den nordiska namnforskningen. Kurre ville ha ordning och reda i sin vetenskap – liksom i allt annat.

Han utgav en rad namnvetenskapliga arbeten av bestående värde. I debutverket *Ortnamnen i Houtskär* (1966) tog han avstånd från den då allmänna mer eller mindre mekaniska lexikaliska analysen; i stället byggde han upp en ny syntaktisk-semantisk klassificering av namnlederna. Arbetet har blivit en klassiker. I *Sydfinländska skärgårdsnamn* (1968) utsträcktes undersökningen till andra delar av den finländska sydkusten. Ortnamnsarbeten av mer lättillgänglig art är *Skärgårdsnamn* (1989) och *Orter och namn i «Finska skären»* (1994), där han sammanfattar några huvudresultat av sitt mångåriga utforskande av våra skärgårdsnamn.

Växelverkan mellan svenskt och finskt i vårt ortnamnsskick var ett återkommande tema i hans forskning. Han initierade ett projekt om lånenamn

längs språkgränserna, skrev själv artiklar i ämnet och inspirerade såväl svenska som finska forskare att arbeta vidare på egen hand.

Kurt Zilliacus inledde sin forskarbana som dialektolog. Redan som ung student knöts han till Svenska litteratursällskapets Folkkultursarkiv, där han blev dialektarkivarie 1954. Arbetsuppgifterna var mångahanda: han byggde upp nätet av orsmeddelare, utarbetade frågebrev och ordnade upp och katalogiserade samlingarna. Under somrarna var han ute på fältarbete för att teckna upp ortnamn och dialekt, framförallt i den åboländska skärgården. Han skrev sin kandidatavhandling om Kimito-dialektens ljudlära. Hans största insats som dialektupptecknare var djupundersökningen av dialekten i Houtskär, där han arbetade på heltid under femton månader 1957–58. Han hade sitt högkvarter i Björkö, där han bodde med hustrun Ebba och dottern Henrika. Senare blev Busön i Rosala den centrala punkten i hans sommarliv. I Houtskär samlade han också in socknens ortnamn, vilket småningom ledde till att namnforskningen blev ett förstahandsintresse för honom. I det populärvetenskapliga arbetet *Åboländska* (1992) fick han tillfälle att återkomma till de åboländska dialekterna. Boken bygger på de iakttagelser som han under fyrtio års forskningsfärder hade gjort om de olika dialekterna: Han beskriver de enskilda målen och försöker att med ledning av de dialektgeografiska förhållandena lämna ett bidrag till diskussionen om hur skärgården en gång fick sin befolkning.

Bland sina nordiska forskarkolleger var Kurt Zilliacus känd inte bara som namnteoretiker utan i högsta grad också som praktiker, nämligen som skeppare på forskningsbåten Rödän. Rödän genomförde ett hundratal forskningsexpeditioner inom triangeln Kotka–Eckerö–Raumo, men den f.d. laxbåten var samtidigt också en flytande namnvetenskaplig akademi. Här har flera av de ledande nordiska namnforskarna fått en grundläggande utbildning, med praktiskt åskådningsmaterial inom närmaste räckhåll.

Ombord på Rödän hade Kurre också möjligheter att utveckla sina rika talanger som sällskapsmänniska. Han var den naturliga mittpunkten i sällskapet, mån om besättningens välbefinnande, outtröttligt slagfärdig och ordlekande – men alltid intellektuellt skärpt, sunt skeptisk och kritisk. Också i byhamnarna var Rödän och dess kapten välsedda gäster. Under flera årtiondens sjö- och skärgårdsliv hade Kurre blivit förtrogen med skärgården, skärgårdskulturen och skärgårdsborna. Hans förhållande till byborna var okonstlat och naturligt, vare sig de var informanter eller gäster ombord. Alla trivdes i Kurrens sällskap.

Under de senaste åren återkom Kurre gärna till schlagertexten «en gång jag seglar i hamn». Forskningsbåten Rödän gjorde sin sista seglats för länge sedan. Nu har också dess kapten seglat i hamn.

Kurt Zilliacus föddes i Åbo 21.7.1927. Familjen flyttade till Helsingfors 1940, där han blev student 1945, fil.kand. 1953 och fil.lic. 1965. Han tjänstgjorde som dialektarkivarie vid Folkkultursarkivet 1954–66 och som namn-

arkivarie 1966–76, varefter han blev byråchef vid byrån för svenska språket inom Forskningscentralen för de inhemska språken. Han avgick med pension 1992. Kurt Zilliacus gifte sig 1953 med Ebba Pettersson (1930–97). Hans närmaste anhöriga är dottern Henrika och sonen Johan med familjer.

Peter Slotte, Helsingfors
pslotte@kotus.fi

OM STADNAMN I STORTINGSMELDING NR. 35

Stortingsmelding nr. 35 (2007–2008), *Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*, har eit kapittel om stadnamn og stadnamninnsamling. Dei aktuelle bolkanane står i hovudkapittel 8, «Språkdyrking – eit korrekt og velfungerande språk» og er nummererte frå 8.3.3.1 til 8.3.3.5 (s. 161–163 i meldinga).

Heile meldinga finn ein på internett under adressa www.regjeringen.no/nb/dep/kkd/dok/regpubl/stmeld/2007-2008/stmeld-nr-35-2007-2008-.html?id=519923

8.3.3.1 Å hindra eit omfattande kulturtap

Ei av dei samlingane som er nemnde ovanfor, er Norsk stadnamnarkiv, og det kan vera grunn til å sjå noko nærare på temaet stadnamn, både som eit døme på meir generelle problemstillingar, og fordi det her er eit meir spesielt spørsmål som kanskje blir sett ekstra på spissen.

Det spesielle er at store mengder gamle stadnamn som til no ikkje er systematisk samla inn og registrerte, representerer ein kunnskapsbase som kan gå i gløymeboka etter kvart som dei personane som har kjennskap til dei, fell ifrå. Dette vil i så fall bety eit uerstatteleg kulturtap. Her er det altså ikkje berre, og ikkje først og fremst, tale om å ta vare på og å digitalisera materiale som alt finst i samlingar og arkiv, men like mykje eit spørsmål om nødvendig nyinnsamling for å sikra ein kulturarv som elles står i fare for å gå tapt for alltid.

8.3.3.2 Verdien av bevarte stadnamn

Utviklinga frå det agrare til det stadig meir urbaniserte samfunnet og overgangen til maskinelle driftsformer innanfor primærnæringane gjer at det tette nettet av stadnamn til lands og til sjøs ikkje er i levande bruk slik som før.

Framvoksteren av ein allmenn skriftkultur og eit stadig meir skriftbasert talemål har dessutan redusert dei tradisjonelle talemåla si stilling som kommunikasjonsform. Vi har dermed fått andre standardar for munnleg overle-

vering og munnleg kommunikasjon. Sjølv om store delar av folket framleis nyttar dialekt, har terminologien endra seg.

Resultatet av alt dette er at overføringa av namn og termar frå ættledd til ættledd har stansa opp dei to–tre siste generasjonane, og ei mengd tradisjonsstoff har alt vorte borte saman med dei siste berarane.

I levande bruk er stadnamn først og fremst språklege uttrykk, munnlege eller skriftlege, som gjer oss i stand til å skilja mellom ulike lokalitetar. Slik har dei stor praktisk interesse på kart, skilt, vegvisarar og andre stader. For Statens kartverk og Stadnamntenesta i staten er eit godt utbygd og vitskapleg påliteleg stadnamnmateriale ein føresetnad. Det er ikkje sjeldan at namnekonsulentane opplever at det manglar opplysningar om uttale og bakgrunn for namna. Også dette tilseier at det er viktig å byggja opp namnesamlingane vidare.

Stadnamn er dessutan historiske dokument som fortel om natur- og kulturtilhøve i det området dei er henta frå. Eit detaljert stadnamntilfang frå eit område gjer dermed at ein kan lesa den menneskelege bruken av området gjennom ulike historiske lag.

I den reviderte lova om stadnamn som tok til å gjelda frå 1. august 2006, er det uttrykkjeleg slått fast at ein del av formålet med lova er å ta vare på stadnamn som kulturminne. Det som gjer stadnamn særleg viktige som språklege kulturminne, er at dei er knytte til visse punkt, linjer eller område i landskapet, og at dei inneheld informasjon om korleis namngjevarane opphavleg oppfatta lokaliteten på den tida namnet vart til. Dei representerer dermed viktige informasjonsbitar av fortida i det aktuelle området.

Mange stadnamn har dessutan ei alderdomleg språkform som til dels ikkje lenger er i levande bruk i talemålet. Stadnamn er såleis verdifullt språkleg tradisjonsstoff både med omsyn til innhald og form.

Stadnamn er også ein del av ein munnleg tradisjon som Noreg har teke på seg eit særskilt ansvar for gjennom ratifikasjon av UNESCO-konvensjonen om vern av den immaterielle kulturarven. Konvensjonen av 17. oktober 2003 som Noreg ratifiserte 17. januar 2007, omfattar etter artikkel 3 mellom anna munnlege tradisjonar og uttrykk, under dette språk som eit uttrykksmiddel for immateriell kulturarv. Som relevante vernetiltak nemner konvensjonen mellom anna kartlegging, dokumentasjon, forskning og bevaring.

8.3.3.3 Tidlegare innsamling av stadnamn

Heilt frå Norsk stadnamnarkiv vart grunnlagt i 1921 og fram til om lag 1990, har det gått føre seg ei systematisk innsamling av norske stadnamn. Fram til andre verdskrigen var innsamling gjennom skulebarn ein berebjelke, men innsamlingsarbeid vart også utført av hovudfagsstudentar og vitskapleg tilsette ved Stadnamnarkivet. Dette sistnemnde innsamlingsarbeidet heldt fram i stor stil etter krigen, og mykje vart også samla inn av hovudfagsstudentar som valde namnegransking som emne for hovudoppgåva si.

Etter kvart som universiteta i Bergen, Trondheim og Tromsø vart skipa, har det også ved desse institusjonane skjedd vitskapleg basert innsamlingsarbeid. Likeins har det ved det som var distriktshøgskulane i Rogaland og Møre og Romsdal vore mykje innsamlingsarbeid, dels finansiert av institusjonane sjølve, dels av fylkeskommunane. I Nordland fylke har eit omfattande innsamlingsarbeid skjedd i regi av Arkiv Nordland, og ikkje minst i Sogn og Fjordane er det bygd opp omfattande samlingar i stor grad på grunnlag av lokalt innsamlingsarbeid.

Det er da også Vestlands-fylka og Nordland som i dag er best dekte med stadnamnsamlingar. På Austlandet og Sørlandet er det utført djupinnsamling i mange enkeltkommunar, men delar av Austlands-området og heile Trøndelag, Troms og Finnmark har store hol i samlingane. Dei samlingane som finst, har varierende kvalitet når det gjeld opplysningar om uttale og lokale tilhøve, også når det gjeld heimfesting og kartfesting.

Fordi dei namnefaglege miljøa ikkje har hatt kontroll med alt innsamla materiale, er det også verdifullt tilfang som er kome bort. Det gjeld mellom anna primærlistene til innsamlinga av namn på Økonomisk kartverk, og det gjeld ikkje minst tilfang på private hender.

Den siste store stadnamninnsamlinga gjekk føre seg frå midten av 1980-talet, utført av unge arbeidsledige og administrert av kulturkontora i kommunane med fagleg tilsyn frå dei aktuelle institusjonane.

8.3.3.4 Innsamlings situasjonen i dag

Det har vore rekna ut at det finst, eller har funnest, fem–seks millionar stadnamn her i landet, og berre ein liten del av dei er samla og registrert ved dei sentrale og regionale stadnamnsamlingane.

Etter 1990 har det ikkje vore råd å finansiera nemnande innsamlingsarbeid, og det som likevel er samla, har skjedd i regi av interesserte amatørar under ei viss rettleiing frå vitskapeleg personale ved universitet og høgskular.

8.3.3.5 Oppsummerande vurdering

I kulturmeldinga frå Bondevik II-regjeringa heitte det at departementet ville ta initiativ til ei kartlegging av kva som er samla inn av gamle stadnamn her i landet, og vurderer behovet for eit meir systematisk innsamlingsarbeid. Det heitte også at departementet ville vurderer om det nye kompetansesenteret for norsk språk, dvs. Språkrådet, ville kunna ta på seg å koordinera desse oppgåvene.

Ettersom Språkrådet har vore inne i ein langvarig omdanningsprosess med fleire store utfordringar, har departementet ikkje funne grunnlag for å leggja endå ei oppgåve til denne institusjonen i denne fasen. Språkrådet har heller ikkje tilsette med namnefagleg kompetanse og erfaring med innsamling, arkivering og formidling av namn.

Dette inneber at det no hastar med å koma fram til ei løysing i spørsmålet om innsamling av stadnamn, og det hastar også med å få sentralt oversyn over materiale som er samla inn lokalt for å hindra at det skal gå tapt.

I første omgang kan det vera aktuelt å setja av midlar til eit prosjekt for å registrera og kvalitetsvurdera dei stadnamnsamlingane som finst rundt om i landet, både i ulike samlingar og arkiv og på private hender.

Departementet vil elles vurdera om det bør gjennomførast ei større utgreiing om den vidare innsamlingspolitikken og tilgrensande spørsmål. Det er i så fall aktuelt å sjå på om ei slik utgreiing bør femna vidare enn berre stadnamn. Heile situasjonen for dokumentasjon av norsk språk og for dei ulike språksamlingane som er behandla i førre avsnitt, vil kunna vera eit naturleg utgangspunkt for ei nærare avgrensing av mandatet for ei eventuell slik utgreiing.

NORSKE ETTERNAMN SOM SALSVARE

Internettet er i rivande utvikling, om nokon skulle vera i tvil om det. Og det dukkar stadig opp nye og stundom overraskande nettsider ved tilfeldig surfing på stikkord i Google. Eg slumpa borti den britiske nettstaden <http://kindo.com/>. Nettstaden er kommersiell og marknadsfører seg som ein møttestad for slekta der slektstre kan byggjast og utvidast, som det heiter. Eigentleg ingen grunn til å nemna han i meldingsbladet for Norsk namnelag, bortsett frå at selskapet tydelegvis har kjøpt frå Statistisk sentralbyrå (SSB) eit fullstendig register over alle norske etternamn og lagt dei ut på verdsveven for frie søk. Her kan du altså søkja på ditt eige etternamn og finna ut kor mange i Noreg som ber namnet, altså same funksjonen som på SSBs heimeside, men i tillegg er etternamna fordelte på opp til fem fylke der dei fleste bur. Nettsidene er fint ordna, og fylkesfordelinga er interessant både for namnegranskarar og andre, m.a. norskamerikanarar som lett-vint kan finna ut kvar i Noreg eit gardsnamn mest truleg høyrer heime.

Eg har to kritiske kommentarar til «frisleppet» av materiale her. For det fyrste er det uheldig at nordmenn må bruka ein utanlandsk, kommersiell nettstad for å finna opplysningar som burde vore allment tilgjengelege på heimesidene til det norske offentlege organet som er ansvarleg for å utvikla denne statistikken. For det andre reagerer eg på at SSB fritt kan selja statistikk over norske etternamn til kommersielle aktørar over heile verda utan faglege avgrensingar. Identitetskoplinga mellom etternamnet og personen er ganske sterk i Noreg sidan svært mange ber eit gardsnamn som etternamn med geografisk opphav. Annleis stiller det seg med førenamn, som i dei fleste tilfelle er så anonyme at dei ikkje direkte kan koplast til namneberaren.

SSB er ikkje åleine på denne salsmarknaden. Utlagt er liknande statistikk frå fem land, mellom dei Danmark og Sverige.

Olav Veka
veka@online.no

NAMENKUNDLICHE INFORMATIONEN

Namenkundliche Informationen er namnet på eit namnefagleg tidsskrift som vert gjeve ut av Gesellschaft für Namenkunde i Leipzig, kanskje det mest aktive namnegranskarmiljøet i Tyskland. Skriftet tok til å koma ut rundt 1960 i ein svært enkel bunad og til dels med artiklar som spegla av det Sovjet-dominerte Aust-Tyskland på den tida. No har det vakse til ei bok på 4–500 sider som kjem ut på Leipziger Universitätsverlag. Nr. 91/92 (2007) inneheld fjorten tyskspråklege artiklar som dekkjer halve skriftet. Resten er bokmeldingar, mindre artiklar og kunngjeringar.

Som medlem i Gesellschaft für Namenkunde får ein skriftet fritt tilsendt. Ein finn informasjon om laget på nettstaden <http://www.gfn.name/>.

BH

FORNAVNSRAPPORTER GIS BORT

Det fins et lite restlager av navnerapporter som jeg har laga på grunnlag av data levert fra SSB i oktober 1982. Rapportene gis bort så langt lageret rekker mot at mottakerne betaler porto. Det gjelder:

Ivar Utne: *Fornavn i tall*. Del 1: *Kvinnenavn*. Del 2: *Mannsnavn*. Norske språkdata nr. 25. UiB, Bergen 1990. [To bind, 750 sider. Inneholder opplysninger om frekvens, relative tall og rang for 402 kvinnenavn og 349 mannsnavn valgt ut etter hvor vanlige de har vært fra slutten av 1800-tallet og fram til 1982. 5-årsperioder på 1900-tallet, 25-årsperioder tidligere. Fylkesvis og for hele landet. En tabell for hvert navn.]

Ivar Utne: *Kumulerte fornavn*. Norske språkdata nr. 26. UiB, Bergen 1990. [77 sider. Inneholder 100-på-topp-lister med frekvens og relative tall for de samme periodene som i rapporten *Fornavn i tall*. For hele landet, ikke fylkesvis.]

Interesserte kan kontakte underskrevne på telefon 55 58 24 04 eller på e-postadressen nedenfor.

Ivar Utne
ivar.utne@uib.no

ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

HVORDAN BØR ET HISTORIELAG TA VARE PÅ STEDSNAVN?**En kort kommentar**

Vidar Haslum hadde i forrige nummer av *Nytt om navn* (nr. 46 – 2007) en høyst lesverdig artikkel, eller skal vi si veiledning, til hvordan historielag skal ta vare på stedsnavn. At i det minste *innsamlingen* av disse lokale stedsnavnene blir gjort snarest mulig, burde være lett å forstå, med fare for at de ellers går tapt med de eldre generasjoner. Likevel er det noe tankevekkende at dette innsamlingsarbeidet allerede er utført i mange kommuner, men manuskart og -lister ligger i «skuffer og skap, på loft og i kjeller» i kommunene, med fare for å bli kastet i en oppryddingsaksjon! Også på denne bakgrunn er overskriften på Vidar Haslums artikkel ytterst relevant, dog ikke nødvendigvis begrenset til et ansvar for historielag, men for kommunene som sådan.

Det er likevel ett viktig poeng Vidar Haslum ikke har med i sin veiledning, eller kanskje ikke er kjent med? Noe vi i Statens kartverk i noen grad har tatt initiativ til overfor kommunene. Nemlig det at stedsnavn som nå blir innsamlet, eller allerede er innsamlet, etter at manusarbeidet er gjort på kart og i lister eller kort, blir registrert i Sentralt stedsnavnregister (SSR). Kommunene har som parter i Norge digitalt fri adgang til programsystemet SSRsak, hvor slik registrering er mulig. Og dette gjøres direkte mot en kartbakgrunn. Rett nok har dagens versjon av SSR noe begrensede muligheter for registrering av supplerende informasjon knyttet til stedsnavnene, i alle fall på en hensiktsmessig måte. Og selv om et innledende arbeid med en mer omfattende revisjon av SSR kan komme til å imøtekomme noen av de ønsker og behov som måtte finnes, er det neppe sikkert at SSR fullt ut vil kunne tilfredsstille alle. Det bør nødvendigvis heller ikke være hensikten. Poenget er at når stedsnavn er registrert i SSR med de krav som der stilles, spesielt med oppgitt navnetype (hva står navnet til?) og posisjon/kordinater, er de lagret på en sikker måte.

Og uansett er det etter registrering i SSR fullt mulig å ta utskrift av disse som f.eks. excel-filer eller som kartfiler, dersom kommuner eller historielag vil utvikle dette videre i kommunale kartløsninger eller på andre måter.

Ikke minst bør det være et poeng at stedsnavn som foreligger i SSR, kan bli kjent for publikum via vanlige, åpne nettløsninger, i samsvar med formålparagrafen i lov om stadnamn: «... medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna». I dag er stedsnavn fra SSR tilgjengelig bl.a. i Norgesglasset (www.statkart.no), rett nok med noen begrensninger. Vi arbeider for tiden med å utvide antall opplysninger som gis i Norgesglasset.

I mitt område (Agder, Telemark, Vestfold) er dette registreringsarbeidet gjort for deler av flere kommuner og pågår fullt ut nå i to hele kommuner

med flere tusen stedsnavn i hver. Én utfordring er opplæring av dem som eventuelt skal foreta registreringsarbeidet. Det er lite tenkelig at Kartverket kan påta seg opplæring av registreringspersonell fra et utall historielag, men det finnes enkelte i kart- og stedsnavnmiljøet som kan påta seg dette etter oppdrag.

Finn E. Isaksen
Stedsnavnansvarlig i Statens kartverk for
Vestfold, Telemark og Agderfylkene
finn.isaksen@statkart.no

AUKA LIKESTILLING FOR ETTERNAMN I EKTESKAP I USA

Frå 1.1.2008 er vigde menn og kvinner i California likestilte med omsyn til kven sitt etternamn dei kan få saman. California er den åttande staten i USA som innfører dette. Registrerte partnerar av same kjønn får òg rett til å velje felles etternamn.

Praksis for ektefellar i USA fram til no

Fram til no har det vore vanskelegare å få etternamnet til kona enn etternamnet til ektemannen som felles etternamn for ektepar i California. Det same gjeld i andre statar som ikkje har gjennomført likestilling for dette. Dei åtte statane som frå 2008 har likestilling for val av etternamn til ektefellar, er California, Georgia, Hawaii, Louisiana, Iowa, Massachusetts, New York og North Dakota.¹

Ei nyare lokal teljing i Milwaukee County i staten Wisconsin, som har tradisjonell ordning, har vist at ca. 1 % av ektemennene tek etternamnet til den kvinnelege ektefellen. Det er om lag som i Noreg, men både dei norske teljingane og teljinga ovanfor er usikre.²

Kravet har vore at menn må gå gjennom vanleg prosedyre for formell endring av etternamn også i samband med vigsel, medan kvinner ikkje treng det når etternamnet til ektemannen skal vere felles. Det inneber at menn må gjennom ein omstendeleg søknadsprosedyre og betale fleire tusen kroner for rettsavgifter, advokat og ein serie avisannonseringar. Dei kan til og med få avslag. Same framgangsmåten gjeld begge ektefellar dersom

¹ Nettsida til Assemblywoman Fiona Ma, «The Name Equality Act», http://democrats.assembly.ca.gov/members/a12/name_equality.aspx [henta 1.12.2007].

² Nettsida til The Los Angeles Independent Media Center, «Man Fights to Take Wife's Name in Marriage», <http://la.indymedia.org/news/2007/01/191537.php> [publ. 13.1.2007, henta 1.12.2007]; Noack og Wiik 2005.

dei vil ha eit dobbelt bindestreksnamn sett saman av etternamna til kvar av dei.

Reglar og framgangsmåtar for skifte av namn for alle og namngjeving til barn er ulike frå stat til stat i USA. Dessutan er krav om formalia ved namneendring blitt strengare etter terrorangrepet 11.9.2001 (Sedano og Doskow 2006, s. 1/2; sjå òg Jasper 2005 og Warda 1995).

Også retten for kvinner til å behalde sitt eige etternamn er ny i USA dei siste tiåra og følgjer av auka likestilling. Ifølgje éi undersøking frå USA og éi frå Noreg synest det å vere ein samanfallande tendens mellom landa, slik at rundt 20 % av kvinnene held på etternamnet som etternamn. Resultata kan ikkje samanliknast heilt, og tala frå USA er lite representative. Undersøkinga frå USA, gjord i 2001, viser at snautt 20 % av kvinnene med college-utdanning heldt på etternamnet (Goldin og Shim 2004, s. 159). College tilsvarar i hovudsak lågare grad (bachelor) i Noreg. Undersøkinga for Noreg vart gjord i 2003 og viser at 20 % av gifte kvinner i alderen 20–44 år heldt på etternamnet. Av desse var det 7 % med berre grunnskole, 14 % med vidaregåande skole og 30 % med høgare utdanning (Noack og Wiik 2005).

Vedtaket om ektefellar

Den aktuelle endringa i California omfattar mange detaljar, bl.a. på grunn av registrering av namn, og inneber endringar i lovene om privat rettsbehandling (*Code of Civil Procedure*), familierett (*The Family Code*) og helse og tryggleik (*Health and Safety Code*).³

Med dette vedtaket kan ektefellar og partnerar velje etternamnet som den andre parten har no eller fekk som etternamn ved fødsel (*birth name*). Namnet kan ein få til mellomnamn (*middle name*) eller etternamn (*last name*). Det er òg mogleg å kombinere etternamna til kvarandre med bindestrek, eller kombinere heile eller delar av dei to namna til eit nytt samanskrive mellom- eller etternamn.

Eksempel på samanskrijving finst i namnet til borgarmeisteren i Los Angeles, som tidlegare heitte Antonio *Villar*. Saman med kona Cornia *Raigosa* har han etter dei gamle reglane teke etternamnet *Villaraigosa*.

Registrerte partnerar

Registrerte partnerar kan gjere tilsvarande namneval. Det gjeld to personar som bur saman. Dei kan anten tilhøyre same kjønn eller ulikt kjønn når minst ein av dei er over 62 år.⁴

³ Assembly Bill No. 102 (AB 102), 12.10.2007, California, www.leginfo.ca.gov/pub/07-08/bill/asm/ab_0101-0150/ab_102_bill_20071012_chaptered.pdf [henta 1.2.2007].

⁴ The Family Code 297, California, <http://caselaw.lp.findlaw.com/cacodes/fam/297.html>.

California er den første staten i USA som har lovfesta namnerett for partnarar. Vigde ektefellar av same kjønn i Massachusetts har hatt slik namnerett sidan 17.5.2004 etter ein høgsterettsdom i staten.⁵

Andre land og internasjonale avtaler

Utviklinga for likestilling av namnerett for menn og kvinner, som er omtala ovanfor, er eit aktuelt politisk tema i mange land og byggjer dessutan på FN-konvensjonen om oppheving av alle former for diskriminering mot kvinner (1979), Den inter-amerikanske menneskerettskonvensjonen (1969), og for Europa Europarådets resolusjon om likestilling mellom ektefellar (1978) og Europarådets tilrådingar mot diskriminering mellom menn og kvinner (1995 og 1998).

Alle ordningane frå California og Massachusetts som er omtala ovanfor, kan ein få gjennomført etter den norske namnelova, med eitt unntak. Eit samanskrive namn av mellom- eller etternamna til partane kan ein i Noreg berre få når det ikkje er likt eller lett kan bli blanda saman med eit beskytta etternamn.

Etternamn for ektefellar i mange land er omtala på nettsidene mine om namnesaksbehandling, www.hf.uib.no/i/Nordisk/navn/freg/, under «Bakgrunnsstoff for bestemmelser i lov om personnavn (navneloven)».

Litteratur

- Goldin, Claudia og Maria Shim 2004: Making a Name: Women's Surnames at Marriage and Beyond. *Journal of Economic Perspectives*, vol. 18.2, s. 143–160.
- Jasper, Margaret 2005: *How to Change Your Name* (Oceana's Legal Almanac Series: Law for the Layperson). New York: Oceana Publications, Inc. [Oversikt for alle statar i USA]
- Noack, Turid og Kenneth Aarskaug Wiik 2005: Navnevalg ved giftermål. Likestillingens siste skanse? *Samfunnsspeilet* 5/2005, s. 2–8. Nettversjon: www.ssb.no/samfunnsspeilet/utg/200505/01/index.html.
- Sedano, Lisa og Emily Doskow 2006: *How to Change Your Name in California*. 11. utg. Berkeley, California: Nolo.
- Warda, Mark 1995: *How to Change Your Name in Florida*. 3. utg. Clearwater, Florida: Sphinx Publishing.

Ivar Utne
ivar.utne@uib.no

⁵ Supreme Judicial Court, Massachusetts, 18.11.2003, www.masslaw.com/signup/opinion.cfm?page=ma/opin/sup/1017603.htm; www.eqca.org/site/apps/nl/content2.asp?c=9oINKWMCf&b=2667047&ct=3843963 [publ. 7.5.2007, henta 1.12.2007]; http://en.wikipedia.org/wiki/Same-sex_marriage_in_Massachusetts.

BOKOMTALAR

BOK OM STEDSNAVNE I KJOSE

Stedsnavn i Kjose. Red. av Botolv Helleland. Utgitt i samarbeid med Stedsnavnkomiteen i Kjose under medvirkning av Astrid Johnsen og Gudveig Henryette Aaby. Novus forlag, Oslo 2008. 309 sider + 14 kart.

Denne nye navneboka har som målsetting å ha med alle lokale stedsnavn i det lille kirkesoknet Kjose i Larvik kommune (tidligere Brunlanes) i Vestfold og å presentere navnetilfanget på en fullt ut vitenskapelig måte, med uttaleopplysninger, tolkningsforslag og kartfesting. Til sammen inneholder boka nær 2000 stedsnavn, der de fleste ble samlet i 1985–87 gjennom den lokale stedsnavnkomiteen og seinere tilrettelagt under ledelse av Botolv Helleland. Boka er på om lag 300 sider og illustrert med et lite utvalg gode fotografier, de fleste besørget av Astrid Johnsen. Som det går fram av forordet, har Botolv Helleland stått for langt mer enn bare redigeringen. Det er Helleland som har skrevet det viktige kapitlet om bustadnavn, og han er ellers ansvarlig for boka som helhet.

Innholdet er ordnet slik: Fremst etter tittelbladet er et instruktivt og pent fargekart over Kjose, fra N50-serien. Så kommer et forord på to sider av Botolv Helleland. Etter innholdsfortegnelsen følger så tre innledende artikler: 1. «Bygda Kjose» av Olaf Kroken, en nyttig orientering med geografiske og historiske opplysninger; 2. «Stedsnavn og utmarksressurser» av Gunnar Christie Wasberg, litt om hvordan stedsnavn avspeiler næringsgrunnlaget; 3. «Målet i Kjose» av Johan A. Schulze, om den tradisjonelle dialekten. Innholdet i denne artikkelen bygger for det meste på opplysninger Schulze samla inn i 1951–53. Han nevner heimelsfolkene han fikk opplysninger av, og den eldste, Lauritz Jensen Omsland, var født i 1865!

Etter dette svært nyttige orienteringsstoffet følger så den første hoveddelen: 4. «Bustadnavn». Denne er laget etter samme mal som Kåre Hoels *Bustadnavn i Østfold* og slik verket seinere er utformet av Tom Schmidt og Margit Harsson. I forordet opplyser Helleland at kapittel 4 «går inn i det landsomfattende, langsiktige prosjektet *Norske bustadnavn*». Virkelig prisverdig er det at utgiverne legger det opp slik. Just som i Hoels Østfold-serie får vi også her utførlige opplysninger som grunnlag for en serie solide og velbalanserte tolkingsframlegg. Blant gardsnavnene er det som ventet flere som ikke kan tolkes sikkert. Det gjelder *Malerød*, *Berug/Berogg* og *Omsland*. Forfatteren synes i det siste tilfellet, rett nok under sterk tvil, å foretrekke en tolkning *alm + s* (treslaget *alm* m.) framfor en annen mulighet *ofn + s*. Dette synes litt underlig, i og med at den siste utveien passer til et sikkert belagt mønster. I nedre Telemark er det en rekke terrengnavn på formen *Oms-/Åms-* som sikkert går tilbake på *ovn* («åmm» i moderne dia-

lekter). Det særegne bustadnavnet *Tyskhus* har også fått en god og grundig drøfting. Eldste oppførte belegg er «Tyskus» fra 1865. En rimelig forklaring skulle være at en tysk mann har bodd der. Men ut fra formen å dømme skulle navnet helst være betydelig eldre enn fra 1865.

Kap. 5 er en oversikt over etterledd. Så følger en forklaring på lydskrifttegn, mens kap. 7, «Litteratur og kilder», lister opp sitert litteratur. Noe som hadde vært ønskelig, er at primærkildene, dvs. informantene, hadde blitt nevnt. Schulze nevner informanter i sin artikkel, men disse er kun utnyttet til dialektopplysninger, ikke til stedsnavn.

«Del II» er et stedsnavnleksikon for Kjøse. Her er alle kjente navn utførlig presentert i alfabetisk rekkefølge med uttaleopplysninger og tolkninger. Bustadnavnene finner vi også her, med henvisninger til mer utførlige omtaler i delen lenger framme. I djupinnsamlingen er det gått svært grundig til verks. Mange svært unge navn er kommet med. Vi finner blant andre *Biblioteket*, *Butikken*, *Volvosvingen* (fra et uhell under et billøp) og *Åges plass* («solrik plass der Aage Næss (f. 1938) pleide å raste»). Også her har navnene fått en fagmessig svært solid behandling. Jeg finner lite å sette fingeren på, men vil nevne noen småting. Et navn *Buekra* blir forklart sammensatt med et ord for «hytte» eller «enkelt hus». Her burde det vært opplyst at *bu* f. er det tradisjonelle ordet for ‘stabbur’/‘stolpehus’ på det sentrale Østlandet. (Jeg kjenner selv denne bruken av *bu* fra både Nedre Telemark og Akershus. Bokmålsordet *stabbur* har grunnlag i vestlandsdialektene.) Nedskriveren har også notert: «Dyrka mark ved et stabbur». Bra at denne opplysningen er kommet med! Navn av typen *Leirgrava* er gjerne brukt om steder der en har gravd ut leire til å mure med, før sementens tid. Det kunne gjerne vært nevnt. *Loppebukta* er tolket som «innsektnavnet [sic] *loppe*», men her bør en i utgangspunktet ikke utelukke *lopp*, som betyr *frosk* (se ordbøkene til Aasen og Ross). Selv om de fleste navnene er gjennomnsiktige, er det ofte ikke langt mellom tolkningsproblemene. Hit hører navn som *Brøbærli*, *Geitemunnklovene*, *Matgrannbakken*, *Nyttsåsen*, *Skjegge-* (i flere navn), *Trælevannet*, *Villpensøy*. Kloke og veloverveide tolkningsforslag får vi også her, selv om ingen er regnet som sikre. Det særmerkte innsjønavnet *Farris* har fått en særlig fyldig behandling. Interessant er det at flere navn på *Lys-* (*Lysbu*, *Lysegrind*, *Lysnes* o.a.) kan gå tilbake på et eldre, nå forsvunnet navn på innsjøen. *Gulsdalen* kan virke dunkelt, men her er det fortalt at en hest som hette *Gulen*, ble gravd ned. *Gressvinhiene* virker også pussig; her argumenterer Helleland overbevisende for en sammensetning med «grevsvin», et gammelt ord for ‘grevling’/‘svintoks’.

Etter hver navneomtale er det en henvisning til kartbladnavn (ikke kartbladnummer) og kartrute og navnenummer, markert på egne linjer under den øvrige teksten. På den måten går det greitt å finne fram til kartfestingen bakerst. Topografiske opplysninger er det sparsomt med, så stedfestingen

blir dermed svært kartavhengig. Ikke sjelden er det slik at én navneform gjelder flere navnebærere i området, og inne i den ordinære teksten blir det opplyst om slikt. I karthenvisingene er det derimot *tallet på kartfestinger* som (uvisst av hvilken grunn) er gjort til et overordnet prinsipp: Tallet på karthenvisende linjer svarer til tallet på kartfestinger. For eksempel er et navn *Granamyra* notert som navn på *to* navnebærere i området. Den ene av disse befinner seg tilfeldigvis på en kartbladgrense, og dette navnebelegget får dermed to kartfestinger. Selv om tallet på navn bare er *to*, blir tallet på kartfestinger i dette tilfellet *tre*. Oppføringen for *Granamyra* (s. 128) ser derfor slik ut:

Kart (1): Sletholt A1–81

Kart (2): Ulsbru F4–83

Kart (3): Nøklegård F1–9

Spørsmålet om hvor mange steder som heter det samme, er viktig informasjon. I og med at boka ikke har noe fellesregister der dette kan leses ut, mener jeg at framstillingen hadde blitt noe bedre dersom tallet på linjer svarte til tallet på navnebærere (og ikke til tallet på kartfestinger). Jeg mener også det ville ha vært naturlig å ta med kartbladnummer, siden denne delen av referansen framtrer som overordnet på kartbladene det refereres til. Karthenvisingene hadde blitt mer logiske, lettleste og informative om de hadde vært framstilt slik:

1: Kart 4 Sletholt A1–81

2: Kart 6 Ulsbru F4–83, Kart 3 Nøklegård F1–9

Siste del av boka er viet kartfestingen, der det som vanlig ellers er benyttet nedfotografert ØK. Også denne delen er oversiktlig og forseggjort og innledes med et pent og instruktivt kart over bladinnstillingen, med nummer og navn. Framfor hvert kartblad følger ei navneliste, først en versjon med fortløpende nummerering, deretter en alfabetisk sortering. Måten tilfanget er systematisert på, gjør det lett for leseren å finne fram til de enkelte navn. Noe som ellers letter bruken, er at nummereringen i så stor grad er geografisk sammenhengende. En god regel er å la nærliggende sekundærnavn følge umiddelbart etter primærnavnet. Dette prinsippet er i de fleste tilfeller fulgt, men ikke helt konsekvent. Et problem med ØK er at formatet er lite hendig som bokformat. Problemet er løst ved at hvert kartblad har to bretter parallelt med bokryggen, og slik at kartets navn og nummer vises tydelig nede til høyre, selv når kartet ikke er brettet ut. Når tallet på kartblad begrenser seg til kun 14, fungerer denne løsningen bra. (Et mulig alternativ ville være å gjengi ett kartblad over to motstående sider. Den ulempen som da oppstår, er at lesbarheten inn mot midten ikke blir helt god. Særlig vil

dette merkes når det (som her) er anvendt limfresing, og ikke tradisjonell lintrådnbinding.)

Stedsnavn i Kjøse er tuftet på flere gode fagtradisjoner. Delen om bustadnavn følger tradisjonen etter Oluf Rygh, slik den ble videreutviklet av Kåre Hoel. I leksikondelen gjenkjenner vi mange av ideene til Gustav Indrebø. I kartfestingsdelen bakerst møter vi en systematikk vi særlig kjenner fra materialsamlingene etter Alv Muri. Kort sagt kan vi si at Botolv Helleland har tatt med det beste fra de ulike tradisjonene, og gjennom et videre arbeid med stoffet har han klart å skape en ny og velfungerende helhet. Det som gjør denne boka spesiell, er først og fremst den store grundighet som er lagt ned i tolkningene av alle registrerte navnefunn i ett bestemt område. Resultatet er blitt ei uvanlig flott og innholdsrik navnebok: oversiktlig og god å bruke – en glede å studere.

Vidar Haslum
vidar.haslum@uis.no

VENNESKRIFT TIL TOM SCHMIDT

Namn frå by og bø. Veneskrift til Tom Schmidt på 60-årsdagen 26. juni 2008. Red. av Margit Harsson og Terje Larsen. Utgitt av Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo 2008. 168 sider

Professor Tom Schmidt, velkjend for lesarane av *Nytt om namn*, fylte seksti år i vår og har fått det som vi i dei smålåtne miljøa våre kallar eit «venneskrift» frå det kollegiet han er ein del av («festskrift» og «heidersskrift» er vel for store ord, men boka *er* det også). Det er redigert av Margit Harsson og Terje Larsen og inneheld bidrag frå ei rekkje kollegaer som dekkjer ulike delar av disiplinen. Bidraga ligg på det solide nivået som forfattarname borgar for, med dei avgrensingane det beskjedne formatet på slike festskriftbidrag alltid set. Boka er delt i fem delar, der dei to viktigaste ikkje overraskande går på stadnamn og personnamn, med seks artiklar i kvar. I tillegg får vi ein innleiingsbolk med helsing og biografi av jubilaranten, ein bolk med ikkje-onomastisk språkvitskap (éin artikkel), og ein bibliografi over Schmidts verk til slutt.

Eg refererer innhaldet stutt.

Del I inneheld forord, ei helsingliste med namn på 194 personar (+ 7 på ein innstikken ekstralapp) og 11 institusjonar (+ 1 på ekstralappen), og ein biografisk artikkel om Schmidt av Botolv Helleland. Del II har tittelen «Germansk språkvitskap», og inneheld ein artikkel av Harald Bjorvand om opphavet til det germanske svake preteritum med dentalending, der han

argumenterer mot teorien om at at dentalendinga er ei grammatikalisering av eit urgermansk verb som tilsvarer 'gjere' (eng. *do*, ndl. *doen*, tysk *tun*).

Del III handlar om stadnamn og viser godt spennvidda i dette forskingsfeltet. Peter Hallaråker held seg i den «moderne» sektoren og skriv om personnamn i gate- og vegnamn i Møre og Romsdal. Han viser på ein instruktiv måte korleis ein slik studie kan seie noko om både klasse- og kjønnspektiv i den etablerte historieoppfatninga i fylket (10 % av dei personoppkalla gate- og vegnamna gjeld kvinner). Det trengst berre tilsvarende studiar frå andre fylke og landsdelar – for det er neppe slik at Møre og Romsdal fortener ein plass for seg sjølv i «gapestokken» her. Margit Harsson held seg meir innanfor det tradisjonelle gardsnamnstudiet: Ho beskriv lydendingar i gamle *rud*-namn, med ei god oversikt over terminologien og ei systematisering av ulike lydendingstypar med mange konkrete døme. Anne Svanevik skriv eit defensorat for Kartverkets behandling av gards- og bruksnamn, ei sak som har fått det til å blåse kraftig rundt øyra på namnespesialistane på Hønefoss. Artikkelen er god og solid, men hadde nok hatt ein viktigare misjon i ein annan type publikasjon enn denne; det er ikkje mange i Tom Schmidts vennekrets som treng å overtydast i denne saka. Inge Særheim skriv om sørvestnorske (rogalandske) *by*- og *bø*-namn, i forlenginga av jubilentens hovudverk, sjølv sagt. Valdres-perspektivet høyrer heime i eit skrift til Tom Schmidt, og det syter vangsgjeldingen Boye Wangensteen for, når han skriv om postadresser og lokal namnebruk i Øvre Valdres, enda eit døme på at stadnamngransking kan handle om felt som er viktige i kvardagen til folk. Wangensteen beskriv konkurransen mellom lokale grendenamn og moderne postadressenamn og både trur og håpar at grendenamna vil overleve i folks vanlege daglegspråk. Så tek Åse Wetås oss tilbake til Rogaland att, nærare bestemt Finnøy og Bokn i Ryfylke, der ho ser på det fenomenet at somme øyar er oppkalla etter andre øyar i nærområdet (døme: Helgøy i Sjernerøy og Helgøy i Fister), noko som i eitt tilfelle har ført til ei dødsulykke på sjøen fordi redningsmannskapet leita ved den galne av to holmar som heitte *Kuppholmen*. Wetås dreg den lingvistiske konklusjonen at analogi er eit viktigare namngjevingsprinsipp enn semantiske kriterium, men her kunne ein nok også uttrykkje seg noko sterkare reint normativt om denne praksisen.

Del IV går på personnamn, og her står jubilanten langt på veg i sentrum. Gulbrand Alhaug skriv om ortografisk variasjon i personnamn, men det er mest eit påskot for å spreie ulike gullkorn, får ein inntrykk av. Først blir jubilanten heidra og karakterisert, så går fokuset over på namnet *Schmidt* og variantane av det, særleg i 1801-teljinga, og deretter glir det over til innvandra tyske og andre utanlandske fornamn med *Gjertrud* og *Charlotte* som typedøme, vi får lista opp 51 skrivemåtar for *Gjertrud* og 36 for *Charlotte* i ulike folketeljingar. Tuula Eskelands artikkel fell heilt utanfor emnet «namn» og er eigentleg feilplassert, ho burde fått ein bolk av boka

for seg sjølv, for ho skriv om finske krigsborn som etter (til dels under) dei to verdskrigane vart sende til andre land (særleg Sverige og Danmark) og plasserte der som ein del av naudhjelpa til det krigsherja finske folket – ein for dei fleste truleg ganske ukjend del av den nordiske historia. Eskeland arbeider med eit prosjekt om dei finske krigsborna som vart igjen i Danmark. Ole Jørgen Johannessen skriv om namnet *Tom* og viser at det i Noreg har i alle fall to kjelder: den moderne anglo-amerikanske som er velkjend for alle, og eit eldre lag med nederlandsk-påverka *Tom*-ar i Vest-Agder på 1700-talet, eit resultat av den tette handelskontakten mellom Agder-kysten og Holland på den tida. Kristoffer Kruken skriv om endringstakta i norske manns- og kvinnenamn i det siste tiåret. Han har tidlegare funne at utskiftinga av motenamn for jenter er klart større enn for gutar, fram til slutten av 1990-åra, men etter 2000, seier han no, har denne skilnaden jamna seg ut. Gudlaug Nedreliid skriv om kombinasjonen mellom amerikanske fornamn og norske etternamn (typen *Gladys Hoveland* og *Stanley Kvinhaug*), som er svært vanleg i vestre Vest-Agder – noko som kallar på jamførande forskning i andre landsdelar: Er det «cowboy-kulturen» på Agder som gir seg uttrykk, eller er det eit meir allment norsk og nordisk fenomen? Til slutt skriv Benedicta Windt, vår fremste ekspert på litterær onomastikk, om namnet *Tom* brukt i amerikansk og norsk skjønnlitteratur, frå *onkel Tom* til *Tom Tangloppe* (inklusive teikneseriar: *Tom og Jerry* – men ikkje *Tom Pus*, som kjem frå Nederland).

Til slutt har Terje Larsen ein bibliografi over dei vitskaplege arbeida til jubilaranten, med 87 innførslar frå 1976 (hovudoppgåva) til 2007. Larsen følgjer dessverre ikkje konvensjonen å kursivere boktitlar og tidsskriftnamn for å skilje dei frå artikkeltitlar og demonstrerer dermed kor nyttig den konvensjonen er; lista hans hadde vore betre å ta seg fram i om han hadde gjort det (t.d. når ein vil skaffe seg eit raskt overblikk over bokproduksjonen til den bibliograferte).

Boka gir altså eit godt bilete både av jubilaranten og av miljøet rundt han. Ser vi på ein del variablar for å beskrive miljøet på grunnlag av dei 15 forfattarane, får vi dette biletet: Boka er skriven av 9 menn og 6 kvinner. 8 av forfattarane er frå Universitetet i Oslo (av dei 5 namnegranskarar, 2 leksikografar og 1 germanist), 1 frå Statens kartverk, 1 frå Universitetet i Agder, 1 frå Universitetet i Stavanger, 1 frå Universitetet i Bergen, 1 frå Høgskulen i Volda, 1 frå Universitetet i Tromsø, 1 frå Københavns universitet. 14 er nordmenn, 1 er finne. 9 skriv nynorsk, 6 bokmål (og redaksjonsspråket er nynorsk). 1 er fødd på 1930-talet, 9 på 1940-talet, 4 på 1950-talet, 1 på 1970-talet. Av opphav er det blant dei 14 norske 3 søraustlendingar, 1 hedmarking, 1 gudbrandsdøl, 1 valdris, 1 halling, 2 jærbruar, 1 sunnhordlending, 1 harding, 1 bergensar, 1 sogning og 1 trønder. Ganske representativt, altså. Og der fordelinga er skeiv, er fleirtalet heile vegen representativt for jubilaranten, unntatt når det gjeld målform. Tom Schmidt er

blant dei eksklusive bokmålsbrukarane som er i mindretal i sitt daglege miljø, attpåtil midt i Oslo, men det seier mye om både han og miljøet at han ser ut til å trivast svært så godt med det.

Lars S. Vikør
l.s.vikor@iln.uio.no

RAPPORT FRÅ STADNAMNPROSJEKTET I SOGN OG FJORDANE

Per Arvid Ølmheim: *Frå Gygrekjeften til Gygrarøvi. Ei nettreise i natur og kultur*. Stadnamnprosjektet i Sogn og Fjordane. Rapport 4 frå prosjektet «Nettbasert kultur- og kunnskapsformidling» i Sogn og Fjordane. Sogn og Fjordane fylkeskommune, Leikanger 2008. 95 sider.

Av dei 244 979 stadnamna som vart samla inn i stadnamnaksjonen i Sogn og Fjordane og åra etterpå, er 175 803 namn vitskapleg handsama og EDB-registrerte, og 159 947 namn er koordinatfeste på kart. Eg nemner desse tala fordi dei syner noko av dimensjonane i det arbeidet som er lagt ned i dette fylket når det gjeld innsamling, systematisering, digitalisering og publisering av materialet. Rundt omkring i landet støvar svære samlingar av namn ned i arkiv som i vår digitale tidsalder er for utilgjengelege. Sogn og Fjordane fylke har teke steget ut i internettverda og gjort namna tilgjengelege på nettstadene www.fylkesatlas.no og www.fylkesarkiv.no til bruk i skulen, vitskapleg handsaming eller rett og slett som kunnskapskjelde for ålmenta, ikkje minst lokalt i dette fylket. For elleve kommunar ligg hittil alle namna i låglandet på nettet, og arbeidet pågår med å leggja ut resten.

Det har vore eit hovudføremål for innsamlingsaksjonen å få registrert alle lokale eller «private» namn som ikkje er fanga opp av Kartverket, namn som ofte er kjende berre i ein liten krins eller innanfor ein gard. Desse namna vil lett verta borte for godt når bruk vert nedlagde og den siste eigaren går bort. Storparten av namna er derfor av den «enkle» typen, som *Storåkeren*, *Kjeldehaugen* o.a. Opptak av uttalen av namn finst også.

I dette heftet gjer Ølmheim greie for sjølve innsamlingsaksjonen, prinsippa for innsamlinga og resultatet. Digitaliseringa og nettpubliseringa vert grundig gjennomgått. Lesaren vert førd inn i nettversjonen steg for steg, godt illustrert med skjermbilete. Slik sett kan me også kalla heftet ein manual, som det heiter i dag, eller bruksretteleiing for dette namnematerialet på internettet. Dessverre kan eg ikkje uttala meg om kor funksjonelle desse nett-tenestene er i praksis; det må brukarane sjølve melda tilbake om og be om eventuelle justeringar og forbetringar dersom det trengst.

Prisverdig er det at del 2 av dei tre delane som rapporten inneheld, er vigd skulen og handlar om korleis dette materialet kan utnyttast pedagogisk og fagleg i opplæringa. Det er vist til læreplanar og gjeve konkrete døme på opplegg og prosjekt i fag som norsk, samfunnsfag og geografi på ulike nivå med stadnamn som tema eller utgangspunkt. Heile dette kapitlet er ei fin innføring i teori og kunnskap om stadnamn med konkrete framlegg til prosjektoppgåver som kan takast i bruk andre stader i landet. Mykje av det stoffet som trengst, vil læraren finna her.

Fylkeskommunen har gjort rapporten lett tilgjengeleg ved å leggja han ut som pdf-fil på denne adressa: www.sfj.kulturnett.no/nedlasting/rapport4.pdf.

Olav Veka
veka@online.no

NORDISK RUNENAMNLEKSIKON I BOKFORM

Lena Peterson: *Nordiskt runnamnslexikon*. Femte reviderte utgåve. Utg. av Institutet för språk och folkminnen. Uppsala 2007. 345 sider.

I åra 1999–2001 arbeidde Lena Peterson som forskar på prosjektet Nordiskt runnamnslexikon ved Institutet for språk och folkminnen i Uppsala. Etter kvart som leksikonet tok form, vart det publisert på internett. Materialet vart heile tida oppdatert, og til saman fire utgåver vart lagde ut på nettet (den siste også som CD-rom). No er den femte reviderte utgåva komen ut i bokform, eit fyldig verk på 345 sider. Leksikonet er delt inn i fire hovud-avdelingar: 1) namn på personar frå vikingtida, 2) namn på mytiske skapnader, 3) namn på sentrale kristne personar og helgenar, 4) stadnamn. Flest er det i den fyrste gruppa. Til slutt fylgjer eit rikhaldig litteratur- og kjelde-register.

Det er all grunn til å gratulera Lena Peterson og namnegranskarmiljøet i Uppsala med denne flotte publikasjonen. At forskingsresultat vert publiserte på internett, har sine føremoner med omsyn til tid og kostnad. Men dei fleste vil nok føretrekkja å studera dei einskilde runebelegga og kommentarane på papir.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

HEIDERSSKRIFT TIL MATS WAHLBERG

Namn från land och stad. Hyllningsskrift till Mats Wahlberg 25 maj 2008. Red. av Eva Brylla og Svante Strandberg. (Namn och samhälle 21.) Uppsala universitet, Uppsala 2008. 210 sider.

Dette året runda to røynde namnegranskarar i Norden seksti år, og det med nett ein månads fråstand. Mats Wahlberg hadde dagen sin 25. mai, og den andre, vår eigen Tom Schmidt, den 26. juni. Båe vart heidra med kvar sitt heidersskrift. Om valet av tittelen til skriftet til Wahlberg har verka inn på tittelen til skriftet til Schmidt (*Namn frå by og bø*, sjå omtale i dette nummeret av *Nytt om namn*), skal vera usagt, men båe titlane synest velvalde.

I skriftet til Wahlberg har heile 25 fagfolk skrive namnefaglege artiklar om ulike emne. Dei fleste (14) tek for seg stadnamn, medan ti tek for seg personnamn og tilnamn, og éin «andre namn». I den siste gruppa fell artikelen til Vera Lif om namn på tangoforeiningar og klubbar i Sverige.

Når det gjeld personnamn og persontilnamn, har Eva Brylla skrive om variantar av *Mattias*, *Matteus* og *Mats*, eit sjølvst tema i dette høvet. Anita Eldblad har skrive om identifiseringsproblem av *Ingegårdh/Ingridh*. Sonja Entzenberg tek for seg båtmannsnamn ved kompaniet på Öland 1873 og 1897. Staffan Fridell spør om det har funnest eit gammalsvensk mannsnamn **Haghul*. Patrik Larsson tek for seg nokre gammalsvenske tilnamn. Tilnamn i *Brennu-Njáls saga* er emnet til Agneta Ney. Lena Peterson diskuterer det fiktive mannsnamnet gda. gsv. **Særir* ~ **Særith*/**Særidh*. Agneta Sundström tek for seg bruken av tilnamn i Arboda med rettsleg etterspel, mens «*Gris men inte Svin?*» er tittelen på tilskotet til Henrik Williams. Lennart Rydman tek for seg kongefrasar i mellomalderen, med tilvising til jubilentens diskusjon av «namnfrasar» i eit tidlegare arbeid.

Artiklane om stadnamn er òg mangesidige i temaval. Jan Agertz spør om *Axö* i Bottnaryds socken representerer to namn eller eitt. Thorsten Andersson har medverka med artikkelen «Folk – fylki, kind – kindi», der det siste paret er vanskelegare å koma til rettes med enn det fyrste. Stefan Brink tek for seg *Tierp*, medan Lennart Elmevik problematiserer namnerekkeja *Ludgo*, *Luggavi*, *Luggude*, *Locknevi*. Birgit Falck-Kjällquist skriv om namn på «vattenlotter» i skjergarden, medan Elin Forsberg ser på eit par innsjønamn. Lennart Hagåsen drøfter to namn på steinformasjonar, Kathrina Leibring namn på torp, Kristina Neumüller stadnamn på *Stygg-* o.l. Leif Nilsson tek opp normeringsproblem. Særleg interessant for norske lesarar er Eva Nymans drøfting av *Mjøsa*, som ho set i samband med 'grus, stein'. Hydronym er òg emnet til Svante Strandberg, medan Ulla Swedell diskuterer stadnamnproblem i Gällivare der det er eit sterkt innslag av finsk. Per Vikstrand avsluttar stadnamnartiklane med ei drøfting av eldre stadnamn i Össeby-Garns socken.

Denne meldaren vil gje ein meir utførleg omtale av dette skriftet i *Namn och bygd* 96.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

SPRÅK I NORDEN 2008

Språk i Norden 2008. Namn. Red. av Charlotta af Hällström-Reijonen. Utg. av språknemndene i Norden. 307 sider.

Språk i Norden er årsskriftet for språknemndene i Norden. Eit viktig utgangspunkt for artiklane i kvart nummer er innlegga og diskusjonane på det årlege nordiske språkmøtet. Som nemnt i *Nytt om namn* nr. 45 – 2007 var temaet for språkmøtet i 2007 «Namn, namnvård och språkpolitik i ett mångspråkigt Norden i dag», og føredraga er no prenta i 2008-skriftet. Noreg er representert med fire bidragsytarar: Pan Farmakis, Ivar Utne, Irene Andreassen og underskrivne. Artiklane er grovt sett delte inn i to grupper, dei som handlar om personnamn og dei som handlar om stadnamn. I tillegg er det ein artikkel om varemerkenamn. Dette er ein eigen type namn som ofte skil seg sterkt frå vanleg rettskriving, og dei kan derfor vere problematiske i ein vanleg tekst.

Artiklane om personnamn syner at lovgjevinga er ulik i dei nordiske landa. Noreg og Danmark har ei liberal lovgjeving, Island og Færøyane har ei konservativ lovgjeving, medan Sverige og Finland ligg om lag midt imellom. Ein legg også merke til at den auka innvandringa har ført til store endringar i personnamntilfanget i alle dei nordiske landa.

Når det gjeld stadnamn, kjem det fram at skrivemåten av stadnamn er eit emne som engasjerer lokalsamfunna, og at det ofte er misnøye med skriftformer som det offentlege bruker. Fleire av artiklane tek for seg stadnamn på minoritetsspråk. Ein artikkel handlar om stadnamnarbeidet i FN og bruken av eksonym og endonym.

Møtet vedtok ei fråsegn om namnerøkt og språkpolitikk i dei nordiske landa. Fråsegna har desse tre hovudpunkta:

- Namnvården måste präglas av respekt för namnskicket som centralt kulturarv.
- Namnskicket måste ge utrymme för språkliga minoriteter och den faktiska mångspråkigheten i Norden.
- Instanser som beslutar om namn måste ha ett nära samarbete med namnvårdsexperter och också ett nära nordiskt samarbete.

Terje Larsen
terje.larsen@iln.uio.no

OMTALAR AV HOVUD- OG MASTEROPPGÅVER

PRAKSIS I NORMERINGEN AV GARDSNAVN

Siv Sørås Valand: *Normering av stedsnavn. En undersøkelse av normeringspraksis med utgangspunkt i et navnemateriale fra Stokke, Vestfold*. Masteroppgave i nordisk, Universitetet i Oslo, våren 2005. 117 sider.

Det aller viktigste grunnlaget en har for å kunne tolke stedsnavn, er den lokale, nedarvete uttalen, eventuelt sammenholdt med eldre skriftlige belegg, om slikt finnes. Slik er praksis, og slik har det vært siden Oluf Ryghs dager, like ens da Alv G. Nordal Muri i 1951 noterte ned en stor mengde stedsnavn i Stokke, særlig gardsnavn. Som informanter brukte han selvsagt innfødte folk som var gamle i 1951. På de nesten seksti år som er gått, er mye forandret når det gjelder talemålet i Stokke. Dette faktum har gitt Siv Sørås Valand påskuddet til å skrive denne oppgaven. Formålet er å undersøke hvilke normeringsprinsipper som gjelder i et konkret, geografisk avgrenset tilfang av gardsnavn på offentlige kart (N50 og ØK). Gardsnavn i Stokke skulle da være særdeles velegnet materiale, fordi – som Valand poengterer – den nedarvete uttalen eksisterer ikke lenger, fordi den lokale dialekten har lav status, fordi påvirkningen fra skrift er meget sterk, og fordi den spesielt utvalgte gruppen, gardsnavn, har vært skriftfestet lenge, der en stor del er i bruk som slektsnavn.

Etter en kort innledning der det gjøres greie for problemstilling og metode, bl.a. valg av informanter, følger et kapittel om tidligere og gjeldende regelverk for normering av stedsnavn, deretter et om talemålet i Stokke før og nå, der endringer i seinere tid har fått stor plass. Så kommer det klart mest omfangsrike kapitlet: «4. Presentasjon og gruppering av navn». Navnetilfanget er her inndelt i sju grupper, ordnet etter hvilket normeringshensyn som det er tatt mest hensyn til på de offentlige kartene ØK og N50. Inndelingen er slik: 1. Navn hvor det er tatt mest hensyn til skriftradisjon; 2. Lokal nedarvet uttale; 3. Etymologi; 4. Rettskrivningsprinsipper for kjente ordformer. De to neste gjelder former der alle hensyn er tilgodesett og kompromissformer. Den sjuende og siste gruppen gjelder «former som er normert etter hensyn utenfor lovverket».

Den første gruppen, «skriftradisjon», framtrer som tallrik, med 30 medlemmer, og omfatter blant andre *Alby* og *Anholt* (skrevet uten dobbel konsonant), *Bærevar*, *Deieborge* og *Grimstad* (med komposisjonsfuge), *Skjelbred* (ikke f.eks. uttalenært **Skilbrei*). Gruppe 4, «rettskrivning», er den desidert mest tallrike, med 63 medlemmer, blant mange andre *Balsborge*, *Bettum*, *Brunstad*, *Gurijordet*, *Oserød*, *Roberg*, *Steinsholt*. Den siste gruppen «uregelrette former» inneholder nokså få navn. Disse har gjerne en danskpåvirket form (som *Bjerkelund*, *Horntvedt* og *Holmene*), der det ofte

er avvik mellom ØK og N50. Slike avvik har fått et eget underkapittel. Det samme har en utførlig drøfting av bestemt/ubestemt form, der det vises til nyere forskning av Kristin Bakken og Tom Schmidt. I oppsummeringen på slutten av kapitlet er konklusjonen at skriftradisjonen har veid tungt i normeringen, det samme har etymologi, mens muntlig tradert uttale kommer dårlig ut.

Men tilbake til kapittel 4: Etter de enkelte navn følger opplysning om gards- og bruksnummer, så eldste kjente uttale, nyere uttaler og tolkninger. Uttale er gjengitt med IPA-lydskrift. I vurderingen til Valand synes det implisitt å ligge en ortofon modell som de normerte navnene prøves mot, der resultatet så gir grunnlag for en gruppering. Men fordi et konsekvent ett-til-ett-samsvar mellom lydtype og skriftegn, som en ortofon modell forutsetter, bare er gjennomførbart i lydskriftnotasjon og ikke i normal skriftnormering, vil det nødvendigvis oppstå en del problemer her som oppgaven burde ha tatt mer tak i. Ett konkret problemområde gjelder transkripsjonen av korte bakvokaler. Hypotetiske skrivemåter som «Bettom» og «Brønnstad» (mine eksempler) er ikke entydige; normeringen kunne vel gjerne tenkes å bli oppfattet som en refleks av (med enkel norsk lydskrift) */"bættåm/ og */"brånnsta/. Den sedvanlige skrivemåten *Brunstad* gir ikke noe entydig signal om *u*-en er kort eller lang. Og så lenge vi ikke har noen bokstav som entydig uttrykk for tjukk *l*, og så lenge bokstavkombinasjonen <rd> helst må bli å regne som et uttrykk for denne lyden der den finnes, kan skrivemåten *Gurijordet* betraktes som svært *uttalenær*, men den er selvsagt ikke 'teknisk' *ortofon*.

De problematiseringene jeg her kommer med, og den kritikken som ligger i dette, har først og fremst adresse til fagtradisjonen, på grunn av den sterkt ideologiske vinklingen denne har hatt. I nyere språknormteori er man mye mer opptatt av å forsøke å beskrive hva som *lingvistisk sett* skjer når en forsøker å overføre sekvenser av tale til skrift. En god artikkel preget av slik moderne teori er Lars S. Vikørs «Rettskrivingsprinsipp og stadnamn-normering» fra 1997, som jeg med tilfredshet ser at Valand har hatt nytte av, om enn mye lenger ute i oppgaven.

Etter gjennomgangen av materialet følger et viktig kapittel 5 med tittelen «Drøfting». De første sidene her framtrer først og fremst som avhandlingens teoretiske del: en grundig, kritisk drøfting av begrepene «rettskrivingsprinsipp» og «nedarvet uttale» i lov om stadnamn. Når det gjelder «rettskrivingsprinsipp» vises det til Vikør 1997, som mener at begrepet kan forstås på ulike måter. For det første kan det tolkes i den idémessige betydningen *normeringsprinsipp*, for det andre kan det gis den teknisk-lingvistiske betydningen *transkripsjonsprinsipp*, for det tredje kan det være brukt i den formelle betydningen *skriftnormal*. Valand mener at ordet «rettskrivingsprinsipp» er brukt flertydig i lovverket og at dette kan ha ført til en noe friere normeringspraksis enn det som var tenkt fra lovgivernes side (s. 93).

Viktig i den teoretiske delen er også tolkningen av begrepet «nedarvet uttale», der diskusjonen mellom Kristin Bakken og Botolv Helleland får en sentral og velfortjent plass.

Teoridelen er som sagt interessant og viktig i denne avhandlingen, men jeg stiller meg noe undrende til at dette stoffet er plassert såpass nær slutten. Hadde det ikke vært en fordel å presentere disse ideene tidlig? Da ville avhandlingen fått en mer normal form, som trolig også ville ha vært til hjelp for de viktige kategoriseringene i kapittel 4.

Siv Sørås Valand har i denne masteroppgaven på en ny og svært konkret måte synliggjort konsekvensene av å operere med en «lov om stadnamn» der begrepene «rettskrivingsprinsipp» og «nedarvet uttale» gir rom for, og sågar fordrer, ulike tolkninger. Her har forvalterne av regelverket fått noe de bør se nøye på.

Vidar Haslum
vidar.haslum@uis.no

FJELLNAVN PÅ SUNNMØRE

Stig Jarle Helset: *Fjellnamn på Sunnmøre. Tolking og komparasjon*. Hovedoppgave i nordisk, Universitetet i Oslo, høsten 2005. 145 sider.

Høsten 2005 var siste sjanse til å levere hovedoppgave etter gammel ordning, og Stig Jarle Helset har brukt denne muligheten. Hovedoppgaven hans har fjellnavn som tema, og denne operasjonelle avgrensningen er valgt: «namn på fjellmassiv eller fjelltopp som ragar opp i lendet, ligg over tregrensa og er kartfesta på eit av dei kartblada av N50-serien som dekkjer Sunnmøre» (s. 13). Objekttypen fjellnavn har hatt en heller beskjeden plass i norsk stedsnavnegransking. Årsaken til det er nok at de fleste fjellnavn er relativt unge. Fjell og fjelltopper hadde ikke noen viktig funksjon i det gamle bondesamfunnet. Men i dag har dette snudd seg, mener Helset: «Medan mange av dei gamle smånamna som var viktige i bondesamfunnet, no er i ferd med å døy ut, har fjella, og med det fjellnamna, fått ei stendig viktigare rolle i det nye tursamfunnet. Slik kan det hevdast at fjellnamn er eit viktigare studieobjekt no enn tidlegare» (s. 1).

Å velge Sunnmøre for en slik undersøkelse skulle høve svært så godt. I oppgaven møter vi en interesse for topografi og kartografi som peker ut over den tradisjonelle navnegranskeren, og denne kombinasjonen av interesser er med på å gi arbeidet idémessig tyngde og originalitet. Helset mener at vi i det sunnmørske fjell-landskapet finner store topografiske skilnader mellom ytre, midtre og indre strøk, og et viktig formål er å undersøke hvor-

dan disse fysiske ulikhetene kommer til uttrykk i bruken av frekvente grunnord. Tre referanseområder er valgt ut: Hareidlandet fra ytre strøk, Kolåshalvøya/Rånahalvøya fra midtre og Tafjordfjella fra indre. De forskjellige typene av sunnmørsk fjell-landskap er illustrert med tre fine fargebilder. Materialet som blir analysert, består av 766 fjellnavn fra den topografiske hovedkartserien. Analysen har særlig vekt på navn med grunnord. Gjennomgangen av disse er ordnet alfabetisk etter grunnordene, ofte med fyldige kommentarer. Fem grunnord er så tatt ut for nærmere gransking: *egg*, *fjell*, *horn*, *nibbe/nipe* og *tind*. Dette er høyfrekvente grunnord der variasjonen i frekvens etter Helsets mening gjenspeiler ulikheter i topografi mellom de tre referanseområdene.

Fjellformasjoner er noe som ofte synes å resultere i sammenlikningsnavn. Denne og andre grunnordløse typer blir behandlet i et eget kapittel, før en nærmere gransking av underleddene. Ved kapittel 6 dreies tematikken inn på utradisjonelle og lite utprøvde veier. I dette kapitlet, «Parallellnavn og normering», blir det hevdet at parallellnavn er særlig utbredt blant denne typen navnebærere, og Helset diskuterer hvordan og hvorfor et fjell ofte får mer enn ett navn. Han finner at innskrenkede presiseringer er mye brukt (f.eks. *Sætreindane* > *Nordre Sætreind*, *Søndre Sætreind*), og skriver i denne forbindelse: «Eg finn det merkeleg at ein kan lage ei eiga lov for stadnamn utan å samstundes gje retningslinjer for val av stadnamn f.eks. ved utarbeiding av offisielle kart av typen N50. Spørsmålet om ein fjelltopp skal få namnet *Nonshornet* eller *Fremste Nøvedalshornet*, er minst like engasjerande og interessant som spørsmålet om skrivemåten – *Nevedalshorn* eller *Nøvedalshornet*» (s. 105). Kartografisk navneutvelgelse er et emne som det er skrevet ytterst lite om (Helset viser til en artikkel av undertegnede i *Namn og Nemne* 1998). I denne delen drøfter Helset på en innsiktsfull måte de navnevalgene (les: språkvalgene) kartografene har foretatt. Han finner at valgene for det meste er gode, men han vurderer også noen som mindre heldige.

Opgaven avsluttes med et kort sammendrag. Der blir det vist tilbake til problemstillingene i begynnelsen. Disse framtrer som spesielle, på grunn av den sterke innordningen de har til hypotetisk-deduktiv metode. Her er det gode grunner for å hevde at den hypotetisk-deduktive angrepsstrategien har fått en altfor sterk framtoning. Hadde oppgaven virkelig avgrenset seg til hypoteseutprøvingens tema (dvs. at bruken av grunnord varierer med forskjellige typer topografi), ville dette gitt et magert og lite spenstig resultat. Nå er det heldigvis ikke blitt slik. Oppgaven er rik på stoff og ideer. Analysen er bredt anlagt og velstrukturert, og den evner å gripe tak i problemer som er lite utprøvde i navnegranskingen. Stig Jarle Helset har funnet et interessant og velegnet materiale å bruke disse innsiktene på, slik at fjellnavnene kan betraktes i et nytt og utradisjonelt lys. Jeg vil her spesielt

framholde den meget interessante koblingen som foretas mellom kartografisk navneutvelgelse og navnenormering i kapittel 6.

Vidar Haslum
vidar.haslum@uis.no

SKILNAD I NAMNEMØNSTERET I TO NORDNORSKE OMRÅDE

Dag Rørbakk: *Ei samanlikning av kvinnenamn i Lofoten (Buksnes) med Indre Troms (Målselv og Bardu) på 1800-talet*. Hovudoppgåve i nordisk, Universitetet i Tromsø, hausten 2005. 211 sider.

I hovudoppgåva si tek Dag Rørbakk for seg eit interessant emne: I kva grad kan det påvisas forskjellar i namnemønsteret mellom to område som har hatt ulike kulturimpulsar? Han samanliknar her fornamn i Lofoten (Buksnes) og i Indre Troms (Målselv og Bardu). Som kjent har Indre Troms hatt stor innvandring frå Sør-Noreg (særlig frå Østerdalen og Gudbrandsdalen), og ut frå dette kunne ein vente seg ein del skilnader i namnetilfanget i Indre Troms og Lofoten. For å avgrense oppgåva har Rørbakk konsentert seg om kvinnenamna på 1800-talet. Det ligg også ei avgrensing i at han ikkje tek med fornamn i 2. eller 3. posisjon. Om ei kvinne heiter t.d. *Karoline Mikellia*, er altså berre det fyrste namnet (*Karoline*) med i undersøkinga til Rørbakk. Dette kan i og for seg vera fornuftig, for det har vist seg at fornamn i 2. og 3. posisjon er mangelfullt registrert i folketeljningane jamført med kyrkjebøkene. Etersom manntalsførarane kunne ha noko ulik praksis frå bygd til bygd når det gjeld å registrere namn i 2. og 3. posisjon, kan namneforskaren risikere å presentere misvisande resultat ved kontrastering av namnemønsteret i to område om han/ho inkluderer namn i desse posisjonane.

Rørbakk bygger på folketeljningane av 1865, 1875 og 1900. Ein som er registrert i 1900-teljninga, t.d. som sekstiåring, kunne også vera registrert i dei to tidligare teljningane. For å unngå overlapping av materialet har han for dei to siste folketeljningane berre tatt med dei som er fødde i perioden 1865–1874 (1875-teljninga) og 1875–1900 (1900-teljninga). Til saman inngår det 6163 kvinner i materialet hans – 2956 fødd i Buksnes og 3207 fødd i Målselv og Bardu. Etter lemmatisering av namnetilfanget står han att med 416 leksikalske namn i Buksnes og 370 i Målselv og Bardu. «Namnerikdommen» er dermed noko større i Lofoten ($2956 : 416 = 7,1$) enn i Indre Troms ($3207 : 370 = 8,7$). Det er altså færre kvinner som deler det same namnet i Lofoten enn i Indre Troms.

Hovudhypotesen til Rørbakk har vori at folk langs kysten har hatt ein meir kreativ namnebruk enn dei som har budd lenger inne i landet, bl.a.

fordi kystfolk har vori meir utsett for fremmende kulturimpulsar (skipsfart, handel m.m.). I det store og heile stemmer denne hypotesen. Såleis er tyske og franske kvinnenamn mest brukt i Buksnes. Dessutan er *-ine*-namna, t.d. *Frantsine* og *Gjertine*, meir populære i Buksnes (særlig i perioden 1870–79). Moten med *-ine*-namn kom frå utlandet, og denne moten slo tidligare gjennom i Buksnes enn i Målselv og Bardu.

Ettersom nye namnemotar generelt har fått tidligare innpass langs kysten enn i innlandet, kunne ein også ha venta at den nordiske namnerenessansen – med namn som *Bergljot* og *Reidun* – gjorde seg tidligare gjeldande i Lofoten enn i Indre Troms, men denne namnetypen er omtrent like mye brukt i dei to områda. Desse namna kjem forholdsvis seint i bruk, dvs. i 1890-åra, og dei er lågfrekvente. Mens ein kan spore ein større namneaktivitet i Lofoten enn i Indre Troms, kan ein på den andre sida registrere eit større tradisjonsmedvett i Indre Troms. Innflyttarane har altså tatt med seg namnetradisjonar frå Sør-Noreg. Såleis er nordiske namn med tradisjon langt bakover mest brukt i dette området, t.d. *Guri* og *Gunnhild*. Det same gjeld innlånte namn som for fleire hundre år sidan fekk ei justert form på norsk grunn, t.d. *Marit* og *Kari* (av *Margareta* og *Katarina*).

Rørbakk presenterer heile 102 tabellar i avhandlinga si og dessutan 9 figurar. Til slutt har han eit namneregister med tilvising til dei sidene det aktuelle namnet er omtalt, noko som aukar nytteverdien for dei som les avhandlinga hans.

Gulbrand Alhaug
gulbrand.alhaug@hum.uit.no

FLEIRNAMNSSKIKKEN I NORDLAND PÅ 1700-TALET

Ida Marie Pinnerød: Johan Jacob og Methe Marie. *En studie av flernavnsskikkens framvekst i Nordland på 1700-tallet*. Masteroppgåve i nordisk, Universitetet i Tromsø, våren 2006. Bind 1 (tekst del), 116 sider. Bind 2 (korpussamling), 116 sider.

På den 11. nasjonale namnekonferansen (Oslo, 10. november 2006) heldt Ida Marie Pinnerød eit føredrag om framveksten av fleirnamnsskikken i Nordland på 1700-talet. I dette føredraget gjorde ho greie for sentrale resultat i masteroppgåva si, og det kom seinare som artikkel i *Nytt om namn*. I staden for å gje ein omtale her viser me til artikkelen i *Nytt om namn* (nr. 44 – 2006, s. 27–32).

Redaksjonen

TO HOVUDOPPGÅVER OM STADNAMN FRÅ VESTVÅGØYA I LOFOTEN

Karl Johan Solheim: *Navnestudier frå Buksnesfjord- og Nappstraumområdet i Vestvågøy kommune*. Hovudoppgåve i nordisk, Universitetet i Tromsø, våren 2005. 198 sider inkl. vedlegg.

Oppgåva er basert på ei djupinnsamling av 708 stadnamn i området rundt Buksnesfjorden og området opp mot Nappstraumen. Frå dette området har det tidlegare blitt skriva ei hovudoppgåve om stadnamn, nemleg Jan Sunds oppgåve frå 1978 om *Skjærgårdsnavn fra Vest-Lofoten*, men i Solheims oppgåve er blikket retta meir mot stadnamna som er knytte til livet på landjorda. Namnematerialet er frå 26 av 68 matrikkelgardar i tidlegare Buksnes herad og dessutan seks gardar i tidlegare Hol herad, dvs. matrikkelgardane 1–19, 22–23, 40, 63–68 i desse herada. Solheim gjev ein syntaktisk-semantisk analyse av namnematerialet inspirert av Kurt Zilliacus' arbeid *Ortnamnen i Houtskär* (1966) og Gordon Albøges artikkel «Om navnekategorier og semantikk» (*Namn och bygd* 81, 1993). Grunnord og utmerkingsledd blir behandla i to ulike delar, og Solheim kommenterer namngjevingsgrunnen til nesten alle namna i materialet. Solheim har komme fram til at materialet hans inneheld 115 ulike grunnord fordelt på femten semantiske kategoriar. Det mest frekvente grunnordet i materialet er *haug* m. med 65 førekomstar, deretter *holme* m. med 38, *stein* m. med 21 namn, og innskjeringar mellom land og vatn har 19 namn med grunnordet *vik* f. Grunnordet *berg* n. finn ein i 18 namn, *hammar* m. og *elv* f. har begge 15 førekomstar i namna. Her kunne det ha lege til rette for å analysere nærmare korleis materialet kvantitativt fordeler seg på ulike denotatum, men Solheim går ikkje nærmare inn på denne typen analyse.

Av materialet på 708 namn er 97 eller 13,7 % einledda stadnamn. Det blir ikkje gjeve eit samla oversyn over kva for namn som blir rekna som einledda, så her er det ikkje så lett å få innblikk i korleis kategorien er blitt avgrensa. Eit namn som t.d. *Bjørnbåsen* er rekna som eit toledda namn i klassifikasjonen. Ordet *bjørnbåse* m. 'bjørnefelle' er ikkje lenger kjent i målføret, men i materialet finn ein at ei li i Gravfjellet på garden Skotnes heiter *Bjørnbåsen*. Solheim (s. 122 f.) reknar dette som eit toledda jamføringsnamn, for han seier at dette er «et nokså trangt område i fjellsida, og det kan nok tenkes at det er sett bjørn i området og slik har lokaliteten fått sitt navn». Han seier også at namnet kan «vise til et område der det i tidligere tider var dyregraver». Om ein held fast på den sistnemnde tolkinga, at namnet kan ha samband med ei tidlegare innretning for å fange bjørn, burde ikkje namnet ha vore klassifisert som eit toledda jamføringsnamn. I staden ville ein måtte oppfatte dette som eit einledda namn som har oppstått på grunn av at det har vore ei bjørnefelle på staden, eller at landskapet har

blitt jamført med ei slik felle. Den største gruppa av dei toledda namna har fått namn på grunn av relasjon til ein annan topografisk lokalitet, og 147 eller 20,8 % av materialet kan klassifiserast slik (s. 158). Ein annan viktig namngjevingsgrunn er eigenskapar ved lokaliteten, som ligg til grunn for 203 eller 28,7 % av namna. Ein interessant detalj i dette lofotmaterialet er at fuglar er ein tre gonger så viktig namngjevingsgrunn som fisk. Ein kan elles merkje seg at mannsnamn er meir enn tre gonger så vanleg som kvinnenamn i stadnamn. Liknande tilhøve er påviste i andre materiale. Arbeid eller aktivitetar av ymse slag ligg til grunn for namngjevinga av 98 namn eller 13,8 %.

Til slutt i oppgåva blir alle stadnamna førte opp i ei alfabetisk liste, og her går det fram kva dei einskilde namna er nytta om. Namn blir også relaterte til dei ulike matrikkelgardane dei høyrer til.

Ein kan bli noko i stuss over kva for namn som har lege til grunn for dei ulike utrekningane av namngjevingsgrunnar på s. 158–159 i oppgåva, for det viser seg at ikkje alle namna som står oppførte i det alfabetiske oversynet til slutt i oppgåva, inngår i den semantiske klassifikasjonen. Namna på matrikkelgardane inngår i det alfabetiske oversynet og utgjer 28 namn, men desse namna inngår ikkje i den semantiske analysen, så truleg skulle utrekningssgrunnlaget for den totale mengda av namn i materialet ha vore sett til 680 namn.

Dei dokumenterte stadnamna er uansett eit verdifullt tilskott til namneskatten frå eit gammalt nordnorsk kulturlandskap, og dokumentasjon av lokal kultur overlevert gjennom stadnamn har vore ei viktig drivkraft for Karl Johan Solheim til å arbeide med denne hovudoppgåva.

Aud-Kirsti Pedersen
aud.kirsti.pedersen@hum.uit.no

André O. Johansen: *Stedsnavn rundt Haveren – med vekt på kulturhistoriske forhold*. Hovudoppgåve i nordisk, Universitetet i Tromsø, våren 2007. 209 sider inkl. vedlegg.

André O. Johansen er ein tidlegare elev av Karl Johan Solheim (sjå omtale av hovudoppgåva hans ovanfor), og både elev og lærar har ei felles interesse for dei lokale stadnamna. Med Johansens hovudoppgåve får vi eit nytt tilskott til utforsking av stadnamn frå Vestvågøya i Lofoten, og denne gongen er det ein del av den nördre luten av øya som blir granska. Vedlegget til sist i oppgåva viser at arbeidet inneheld 1251 stadnamn knytte til 16 matrikkelgardar i Vestvågøy kommune, nærmare bestemt gardane 37–52 i tidlegare Borge herad.

I eit eige kapittel tar Johansen føre seg ein del av bruksnamna (277 av 549) under desse matrikkelgardane. Han har lagt ned eit stort arbeid i å tidfeste frådelinga av dei fleste av desse bruka, og såleis ville han kunne ha tidfest eventuelle namnemotar i namngjevinga av bruksnamn. Johansen gjer ikkje så mykje ut av desse opplysningane, men han peikar på nokre tendensar. Han finn at mange bruksnamn går att på dei ulike gardane, og at *Solbakken* er det «mest populære» bruksnamnet sidan det er nytta på åtte ulike gardar (s. 84). På andre plass finn vi *Elvebakken* med fem førekomstar, deretter *Nyheim* med fire. Om ein ser på kva for namnelekkar som inngår i bruksnamna, så finn ein 22 bruksnamn med *-heim* som sistelekk, *-bakken* er nytta 19 gonger og *-tun* 14 gonger. Johansen jamfører namngjevinga av bruksnamna med den nordnorske personnamnskikken i tidlegare tider, og han konkluderer med «at navneskikken, når det gjelder bruksnavn, ikke er av særlig kreativ karakter. Dette står som en ganske skarp kontrast til personnavnskikken i Nord-Norge som, sammenlignet med det indre Østlandet, regnes som å være lite tradisjonsbundet og ganske kreativ» (s. 85–86).

Som tittelen på arbeidet gjev bod om, er det den lokale kulturen slik han er nedfelt i stadnamna, som elles ligg til grunn for namneklassifikasjonen i dette arbeidet. Inndelingsklassane som er nytta, er namn knytte til arbeidslivet, ferdsel, dyreriket, planteriket, personnamn i stadnamn, informasjon om tid, tru og overtru og namn relaterte til sosialt samkvem. I ein slik klassifisering vil ein få overlapping ved at eit namn kan høre til meir enn éin klasse. Eit namn som t.d. *Antonfjæra* vil inngå i både klassifikasjonen «personnamn i stadnamn» og under klassifikasjonen «arbeidsliv» med undergruppa «båtstøer, fiske- og rorvær». Flest namn (145) har fått plass i gruppa «arbeidsliv» og deretter er det gruppa «dyreriket» som har flest namn (100). Til liks med Karl Johan Solheim (2005) har også Johansen funne at fuglenemne er langt vanlegare enn fiskenemne i stadnamn. I denne oppgåva finn ein 29 ulike stadnamn med fuglenemne (av ti ulike slag) mot berre eitt namn med eit fiskenemne. Det er ei steinrøys med namnet *Kveita*, og i dette tilfellet er det eit jamføringsnamn, for forma på steinrøysa liknar på ei kveite. Kategoriane «ferdsel» og «personnamn» er dei tredje største gruppene i dette materialet med 34 namn kvar, deretter kjem gruppa «planter» (30). Ein veikskap med Johansens klassifisering er at han ikkje tar omsyn til om eit namn er laga sekundært til eit anna namn, t.d. blir *Anderslihamran* klassifisert på line med *Anderslia*, som det førstnemnde namnet er avleidd frå.

Arbeidet har med mange interessante opplysningar om lokale kulturelle forhold i tidlegare tider, og det har vore viktig for Johansen å få dokumentert dette kulturhistoriske stoffet mens det enno er i manns minne. Mellom anna har han fått opplyst namnet på mange tilrorar utafor garden Kvalnes, og her har han ikkje nøydd seg med å få peika ut staden på eit kart. På fleire av fiskegrunnane har han sjølv vore til stades og har gjeve opp lokalise-

ringa av grunnen med GPS-posisjon. Prøvefiska har han nok også, for her får vi detaljerte opplysningar om fiskeslag og botnforhold på dei ulike stadene. Denne delen av oppgåva er ein god illustrasjon på korleis namnegransking og praktisk liv kan gå saman på ein sær s heldig måte.

Aud-Kirsti Pedersen
aud.kirsti.pedersen@hum.uit.no

HOVUDOPPGÅVE INNAFOR FELTET LITTERÆR ONOMASTIKK

Astrid Sann Evensen: *Mellom Blåbjøllbakken og Pompeij. Stadnamn, minne og identitet i Tor Jonssons poesi*. Hovudoppgåve i nordisk, Universitetet i Tromsø, våren 2007. 175 sider inkl. vedlegg.

Litterær onomastikk er eit lite utforska fagfelt her til lands, og spesielt gjeld det utforskinga av stadnamn innafor litteraturen, noko meir er blitt undersøkt om personnamn og litteratur. Kombinasjonen litteratur- og stadnamnforskning har vi hittil ikkje sett mykje til, og hovudfagsarbeidet til Astrid Sann Evensen om stadnamn, minne og identitet i forfattarskapen til Tor Jonsson kan såleis sjåast på som eit nybrottsarbeid. Evensen reflekterer over kva som kan vere grunnen til at vi har hatt så lite forskning på stadnamn innafor litteraturvitskapen, og ho set dette i samband med at det ikkje har vore så mykje fokus på *narrativ stad* i litteraturen, og særleg gjeld dette innafor poesien. Personnamn i litteraturen er det forska meir på, og Evensen meiner at dette kan ha samanheng med at litteraturforskinga er meir opptatt av personar enn av stader (s. 8–9).

Evensen har stor interesse for både stadnamn og litteratur, så derfor har ho valt å slå saman desse to interessefeltene og utforske begge delar samstundes. Problemstillingane som ho har formulert for avhandlinga, er (s. 12):

- Kva tyding og funksjon har stadnamna i poesien i høve til dagleglivet?
- Kva tyding har stadnamna i Tor Jonssons poesi? Eller med andre ord: Kva symboliserer og kva slags konnotasjonar gjev stadnamna i dikta?
- Er det eit samband mellom bruken av stadnamn i diktinga og identitet?

Avhandlinga har tre hovuddelar. I den første delen blir forskingsfeltet presentert, omgrep blir avklåra og teoretisk vinkling og metode blir gjort greie for. Så følgjer del to som er ei nærmare teoretisk drøfting og avklåring av kva eit stadnamn er, om stadnamn har tyding, om stadnamn og identitet og om kva for funksjonar eit stadnamn kan ha i dagleglivet og om haldningar

til stadnamn. Til det mykje omdiskuterte spørsmålet om stadnamn har tyding utover å peike ut ein stad, seier Evensen (s. 148) at «[v]iss namna hadde vore utan tyding, ville det ikkje ha vore noko poeng å bruke dei i poesi».

Ein gjennomgang av stadnamn i dikting viser at stadnamn har vore med frå dei eldste tider til i dag, og Evensen (s. 68 f.) set opp eit oversyn over funksjonar som stadnamn kan ha i poesien: ein lokaliseringsfunksjon, ein konkretiserande, røyndomsskapande funksjon, ein identitetsskapande funksjon, minnefunksjon, historisk- og kulturhistorisk funksjon, assosiativ funksjon, ideologisk funksjon, intertekstuell funksjon, ekspressiv funksjon og musikalsk-/estetisk funksjon. Fleire av desse funksjonane kan vere til stades meir eller mindre i alle dikt (og i annan litteratur), og dette gjeld spesielt den lokalisierende funksjonen, den røyndomsskapande funksjonen, identitetsfunksjonen og den musikalske/estetiske funksjonen. I tillegg til desse funksjonane vil stadnamna også kunne gje ulike konnotasjonar sett i høve til konteksten i eit dikt, og Evensen presiserer seksten ulike konnotasjonar (s. 70). Ho gjer merksam på at slike konnotasjonar ikkje er noko ein kan fastleggje nøyaktig, for konnotasjonane vil kunne variere alt ut frå kven som les og tolkar dikta. Ho ser også at stadnamn i dikt kan fungere som formskapande verkemiddel der dikteren nyttar allitterasjon, assonans, rim, rytme, gjentaking, musikalitet og nonsensord (dvs. ord som tilsynelatande ikkje har ei tyding og står fram som mystiske og rare). Konnotasjonar knytte til stadnamn vil gjere at dei kan fungere på liknande vis som metaforar, og Evensen viser til omgrep som synekdoke og metonymi. Ho seier at (s. 65):

Viss stadnamnet er ein metonymi, kan ein kanskje seie det slik at stadnamnet er ein del som står for heilskapen, for dei ulike aspekta ved staden. Stadnamnet står for alle konnotasjonar og historiske hendingar som er knytt til stadnamnet, og i nokre tilfelle som eit «abstrakt» omgrep for det konkrete.

I del tre i oppgåva nyttar Evensen den teorien som ho har utarbeidd i hovuddel to. Her tolkar ho tydinga og funksjonen til stadnamna i fleire av dikta til Tor Jonsson. Han var nært knytt til naturen og bygda, men han hadde likevel eit ambivalent forhold til heimbygda. Evensen finn at Jonsson for det meste har nytta oppdikta eller fiktive stadnamn som ikkje kan heimfestast til Lom, og døme på dette er *Fagerhaug*, *Fagerli*, *Sorgli*, *Gråekra* og *Grågrenda*. Ho tolkar bruken av fiktive stadnamn som eit medvite grep frå forfattaren, for han mislikte å bli tolka som ein diktar som berre skreiv om heimbygda. Han ønskte å skrive meir allment om *menne-ska*, ikkje berre om livet i ei bestemt bygd (*op.cit.*, s. 150). Sjølv om stadnamna som Tor Jonsson nytta, oftast var fiktive, seier Evensen (s. 151) at

dei likevel har ein identitetsskapande funksjon. Sjølve grepet å nytte mange stadnamn i diktinga kan setjast i samband med at Jonsson hadde vakse opp i eit bygdemiljø der mange ulike stadnamn var ein del av dagleglivet. Bakgrunnen hans i eit bygdemiljø gjorde at Tor Jonsson kjende godt til korleis stadnamn blir til og har fått dei til å passa godt inn i stemninga i dikta. Dessutan er dei laga slik at dei fell godt inn med allitterasjon, assonans, tema og rimmønster (s. 143). Fleire av dikta hans handlar om minne knytte til stad, om tilknytning til stad. Gjennom desse dikta og stadnamna der får ein inntrykk av at dikt-eg-et er knytt til stader. Dessutan er stadnamna i dikta med på å skape ein identitet til bygda i fleire av dikta ved at stadnamn oftast er noko ein deler med andre (s. 151). Dei fleste av dikta til Tor Jonsson finn stad i eit landskap som liknar på landskapet i Lom. Naturen, stadene og stadnamna er viktige i diktinga, og dei kan bli brukte som symbol for noko anna, ofte kjensler i diktaren sjølv (s. 147). Evensen hevdar (s. 150) at «[b]ruken av stadnamn i dikta er med på å forsterke kjensla av identitet og tilknytning til staden. Det er vel ikkje tilfeldig at dikta som har med stadnamn, er nokre av dei dikta som mest tydeleg gjev uttrykk for tilknytning til stad og minne knytt til stad, også i tematikken».

I den seinare delen av forfattarskapen til Tor Jonsson gjekk han mykje godt bort frå å bruke stadnamn i diktinga si. Evensen seier at grunnen nok er at han opplevde at dikta hans blei lesne som om dei berre handla om Lom og hans eige liv, og at strategien med å bruke fiktive stadnamn ikkje hadde verka. Evensen held også ope for at dette skiftet i måten å skrive på kan henge saman med påverknad frå modernismen (s. 151).

Astrid Sann Evensen avsluttar det grundige og nyskapande arbeidet sitt med å peike på nye forskingsoppgåver innafor litterær onomastikk, og vi vonar at det snart vil bli meir interessant lesnad frå hennes side innafor dette nye fagfeltet.

Aud-Kirsti Pedersen
aud.kirsti.pedersen@hum.uit.no

PERSONNAMN I EIT SPRÅKKONTAKTOMRÅDE

Torill Letto: *Navneskikker i Lyngen på 1800-tallet – en undersøkelse av navngiving i et språkkontaktområde i et etnisk og religiøst perspektiv*. Masteroppgåve i nordisk, Universitetet i Tromsø, hausten 2007. 255 sider.

Det ligg alt føre ei hovudoppgåve om personnamn i Lyngen: *Personnamns-skikken i Lyngen i historisk perspektiv 1750–1969* av Alf Børge Aschim (1995). Derfor kunne det kanskje synas unødvendig å skrive om det same

emnet på nytt, men Torill Letto har fått fram mye nytt stoff i masteroppgåva si. Mens Aschim primært konsentrerer seg om å *registrere* forekomsten av ulike namnetypar, går Letto lenger og prøver å *forklare* det ho har registrert. Dette gjør ho bl.a. ved å trekke inn dei kultursosiologiske teoriane til Pierre Bourdieu. Det er noko problematisk å samanlikne resultata til Aschim og Letto, bl.a. fordi dei har ulike periodeinndelingar og ulike prinsipp for namneklassifiseringa. Dessutan bygger Aschim på namnemateriale frå kyrkjebøker, Letto frå folketeljingar.

På 1800-talet var samane den dominerande etniske gruppa i Lyngen. I materialet til Letto utgjør såleis samane 56 % av innbyggjarane (1636 av totalt 2946) i folketeljinga av 1865. Deretter følgjer kvenane (17 %) og dei med blanda etnisitet (14 %). Til slutt kjem nordmennene med 13 % av innbyggjarane i 1865. I tillegg til folketeljinga av 1865 har Letto brukt 1900-teljinga som kjelde.

Undersøkinga til Letto viser at somme namn er populære både blant samar, kvenar og nordmenn. Såleis er *Peder* og *Hans* blant dei 15 vanligaste namna i alle dei tre etniske gruppene. (Undersøkinga gjeld vel å merkje namna i den forma dei ligg føre i folketeljingane, t.d. *Peder*, altså ikkje *Pekka*, som kvenane brukte seg imellom.) Dei femten vanligaste namna kan gi ein indikasjon på «namnerikdommen» i dei tre gruppene, og her viser det seg at nordmennene har størst namnerikdom, samane minst, mens kvenane ligg i mellomstjiktet. Såleis er det nesten 90 % av samane som har eit av dei femten vanligaste namna, mens den tilsvarande prosenten for nordmennene er 60 % (kvinnene) og 70 % (mennene). Somme namn kan karakteriseras som etnisitetsmarkørar. For samane gjeld dette bl.a. *Anders*, *Mikkel*, *Mons*, *Elen*, *Inger* og *Marit*, for kvenane *Isak* og *Johannes* og for nordmennene *Jens* og *Hanna*. Avhandlinga inneheld eit vell av fargerike tabellar (47) og figurar (16), noko som gir eit solid utgangspunkt for dei resonnementa Letto har om namngivinga.

Som det går fram av tittelen på avhandlinga, har Letto også undersøkt namngivinga i eit religiøst perspektiv. Læstadianismen har stått sterkt i Lyngen, og ut frå dette kunne ein vente at bibelske namn vart populære etter kvart som denne retninga greip om seg i siste halvdel av 1800-talet. (I Troms og Finnmark har læstadianismen særlig hatt tilhengjarar blant samar og kvenar.) Kan så Letto påvise ein auka bruk av bibelske namn i Lyngen – og da særlig blant samar og kvenar? Nei. Det gjekk tilbake med dei bibelske namna. Letto har ei interessant forklaring på dette fenomenet. Etter samtalar med bl.a. tidligare prost Sigvald B. Mikkelsen i Lyngen har ho fått ei djupare forståing av forholdet mellom læstadianisme og namngiving. Denne retninga legg stor vekt på det forkynte ordet, og bibellesing er det fyrst og fremst predikanten som skal ta seg av. Dermed er det trulig få læstadianarar som har brukt Bibelen som namnekjelde når dei har vori på leit etter passande namn til barna. Heilt allment legg læstadianismen lite

vekt på ytre symbol, t.d. fornamn på barna, for det sentrale i denne retninga er den indre religiøse opplevinga.

Under arbeidet sitt med avhandlinga vart Letto tildelt studentstipend gjennom det tverrfaglige forskingsprosjektet «Kvener og skogfinner i fortid og nåtid». Det vil seinare bli utgitt ein publikasjon med artiklar frå dette prosjektet, og der vil Letto bidra med ein artikkel som presenterer sentrale resultat frå undersøkinga hennes.

Gulbrand Alhaug
gulbrand.alhaug@hum.uit.no

NAVN PÅ FJORDHINGSTER

Steinar Furnes: *Frå Kong Sverre til Prins Sleipner. Offisiell namngjeving av norske fjordhingstar fødde i tidsrommet 1875–1974. Namneval eller namnedanning?* Masteroppgave i nordisk, Universitetet i Bergen, våren 2008. 143 sider + vedlegg 43 sider.

Undertittelen på denne avhandlingen, en av de første innen kategorien «øvrigt navn» og meg bekjent den første om navn på hester (*hipponymi?*), gir fyldig informasjon om innholdet, om materialet så vel som om formålet. Og bildet på forsida – av Gange Rolv og hans stolte eier – må antas å kunne opplyse selv urbane lesere om hva en fjordhingst er, og hvem navngiverne var. Hingsten er en hannhest av nordfjordrase (*fjordhest, fjording*), og navngiveren er – i alle fall i første omgang – *mannen* som eier eller har alt opp hingsten, i dette tilfellet utvilsomt også en *fjording* (se definisjon 2 i *Nynorskordboka*, s. 287). Den oppmerksomme leser vil kanskje stusse over at nettopp denne hingsten ikke nevnes på s. 87 («Sekundære, fleirords fjordhingstnamn»), men det har sin naturlige forklaring. *Gange Rolv* var født ett år for tidlig, i 1874, og Furnes begrunner (s. 13; jf. s. 16) hvorfor hingster født før 1875 utelukkes fra undersøkelsen. Og når det gjelder årstallet for avslutningen, 1974, skyldes valget iverksettingen av restriksjoner på navngivningen for «å hindre at framandspråklege namn skulle prege fjordhesten sin namneflora» (s. 16).

Avhandlingen er delt inn i seks kapitler. Etter innledningen, med problemstilling, en orientering om strukturen og en oversikt over begreper og definisjoner, følger i kap. 2, *Bakgrunn*, bl.a. «glimt frå tidlegare husdyrnamnforskning». Det mer omfattende kap. 3 omhandler *Metodar, opplegg og føresetnader for analysane*, der Furnes drøfter den teoretiske bakgrunnen for undersøkelsen, som presenteres i de to hovedkapitlene, 4 *Morfologisk analyse* og 5 *Oppkalling i fjordhingstnamn*. I begge disse kapitlene

drøftes materialet i 25-årsbolker, og i det konkluderende kap. 6 presenteres «samanfattande heilskapstrekk for dei einsskilde 25-årsperiodane» før en kort oppsummering s. 135 f. Deretter følger omfattende kilde- og litteraturfortegnelser før det lange vedlegget med kronologisk oversikt over navnene, 2208 i alt.

I kap. 1.1 (s. 3) formulerer kandidaten en todelt problemstilling, som, noe forenklet, dreier seg om 1) hvorvidt navngivningen er sterkest preget av *navnelån* eller av *navnelaging*, og 2) i hvilken grad oppkalling har satt sitt preg på navnene. I begge tilfeller ønsker han å påvise eventuell endring i løpet av den undersøkte perioden. Avslutningsvis kan det slås fast at «det er *namneval* som tilsynelatande har merkt namngjevinga i det undersøkte tidsrommet sterkast», men «likevel har utviklinga gått i ei stø og sikker retning [...] og tilsynelatande namnedanning har auka» (s. 135). Og dette begrunnes med økende krav til individualisering: «Det vert lettare å halde orden på stammar og slektsliner dersom dei einsskilde namna er individuelle merkelappar for dei einsskilde respektive namneobjekta» (s. 136). Og – for å knytte an til tittelen på avhandlingen: «*Kong Sverre* var ein kjend monark før han vart fjordhingst – fire gonger. *Prins Sleipner* kan neppe forvekslast. Han var berre ein. [...] Men namnet har tradisjonell dåm likevel; både *Prins* og *Sleipner* er kjende som namn/namneelement frå tidlegare nytta fjordhingstnamn. Slik kan tradisjon takast i vare, samstundes med at reint praktiske, kognitive individualiseringsbehov vert stetta» (s. 136).

Furnes beklager i forordet at avhandlingen er blitt fyldigere enn han hadde forestilt seg (og noe lengre enn de strenge rammene for en masteroppgave). Han forklarer lengden med nødvendigheten av å illustrere navngivningstrekkene med «relativt mange tabellar». Man kan gjerne tilføye at noen tabeller også er *lange* (f.eks. 4.11 og 4.12 s. 77 f.). Dette bør kunne aksepteres, og det bør understrekes at verdien av tabellene ville vært vesentlig mindre om de hadde vært plassert i vedlegget. Dette kunne på den annen side gjerne vært utvidet med også en alfabetisert navneliste, og da gjerne også med sidehenvisninger i de tilfeller enkeltnavn er særskilt drøftet i avhandlingen.

Tom Schmidt
tom.schmidt@iln.uio.no

JENTENAVN I MOSS OG LØTEN

Jana L. Vollestad: *Personnavnstudier fra 1750 til 1929. Komparativ studie i navngivingsmønster hos jentebarn i Moss og Løten*. Masteroppgave i nordisk, Universitetet i Oslo, våren 2008. 107 sider + to vedlegg, 88 sider.

Vollestads avhandling bygger på et korpus av 10 030 jentenavn ekserpert fra kirkebøkene for prestegjeldene Løten i Hedmark og Moss i Østfold i fem ti-årsperioder mellom 1750 og 1929. Navnene er fordelt på 6536 navnebærere, og flere av jentene har således båret mer enn ett fornavn. Denne navneskikken, som forfatteren kaller *flernavnsmoten*, er da også emnet for et eget underkapittel, der hun bl.a. påviser at skikken opptrer tidligere i kystbyen Moss enn i innlandsbygda Løten.

Et moderne eksempel på denne skikken, *Maya Cecilia Madeleine Nathalia Murstad Lukatelli*, er utgangspunkt for Vollestads innledning. Her presenteres også formålet med undersøkelsen (1.1), problemstillingen (1.2) og det redegjøres for hvordan oppgaven er bygd opp (1.3). Her, i avsnitt 1.2, formuleres også hva forfatteren venter å finne: flere leksikalske navn i Moss enn i Løten – og økende forskjell for hver tidsperiode, at flernavnsmoten opptrer tidligere og blir med utbredt i Moss, og at det er flere *nydannete* navn i Moss enn i Løten.

I kapittel 2 redegjøres for begrepsbruken, og i det påfølgende kapitlet drøftes de metodene som er valgt. Kapittel 4, *Navngivingsmotiv*, gjør rede for de vanligste motivene i den aktuelle perioden: «*fullnavnsoppkalling*, fremveksten av *flernavnsystemet* og *moveringen*», samt for navnelaging etter variasjonsprinsippet. I kap. 5 legger Vollestad vekt på å beskrive kildegrunnet, dåpslistene i ministerialbøkene og klokkerbøkene, og hun trekker også inn tidligere forskeres bruk av slike kilder. I det samme kapitlet tar hun opp problemene med normalisering og kategorisering, alt eksemplifisert med navn fra materialsamlingen og med drøfting av andre forskeres metoder. I avhandlingens hovedkapittel, kap. 6 *Fremstilling av materiale og analyse* (s. 60–102), drøftes først «navnematerialets karakter» (avsnitt 6.1). Forskjellen mellom de to områdene når det gjelder flernavnsmoten, illustreres gjennom en tabell som viser både faktiske tall og prosenter for hver av de fem periodene, fra at bare to jenter (1 %) bar to navn i Løten på 1750-tallet mot 41 % i Moss, til at 70 % av jentene i Moss hadde to navn hundre år seinere, da andelen i Løten var 14 %. Så seint som på 1920-tallet var forskjellen betydelig: 68 % i Moss mot 29 % i Løten. Allerede her kan forfatteren altså gi et tydelig svar på ett av spørsmålene stilt innledningsvis. I de påfølgende underkapitlene drøftes de 20 mest frekvente navnene i hhv. Løten og Moss med hensyn til frekvens og proveniens, og også *bruksmønsteret*, de aller vanligste navnenes plassering i navlestrengen, tas opp til behandling. Når *Marie* finnes blant disse, skyl-

des det utvilsomt at det har vært overmåte populært som andrenavn, mens *Anne* er et like typisk førsteavn. Avsnitt 6.1 avsluttes med et nyttig sammendrag.

Disposisjonen i 6.1 følges i store trekk også i det følgende (6.2), der Vollestad systematisk tar for seg de fire periodene. Men her trekkes i tillegg inn også andre navn enn de vanligste, og spesielt sjeldne navn tas opp til egen drøfting. For tre av periodene illustrerer hun med navnevalg i to familier fra Løten utvalgt etter visse kriterier (se s. 65). Disse er tydeligvis ikke oppfylt for 1850-årene, og for perioden 1890–99 er bare én familie skildret.

Avsnitt 6.3 omhandler «Avledede kvinnenavn». De aller fleste eksemplene er moveringer, men det kan også påvises at kvinnenavn har dannet grunnlag for nylaginger etter samme mønster som mannsnavn. Også her sammenliknes de enkelte periodene og de to undersøkelsesområdene. I 6.5 drøftes flernavnsnoter etter samme metode, og i 6.5 «navn med mellomnavns karakter» (se vedlegg 1.5 og 1.6 s. 134–138).

Avhandlingen avsluttes med kap. 7, *Sammendrag*, der Vollestad også kan konkludere med at de ulikhetene hun innledningsvis forestilte seg, virkelig har eksistert: «Navnematerialet fra Moss viser at det skjer større svingninger og raskere utskiftninger i Moss enn i Løten», og forklaringen er plausibel, at «folk i Moss var mer åpne for nye kulturelle påvirkninger utenfra enn det mer tradisjonelle bondesamfunnet i Løten» (s. 104).

Det to vedleggene rommer fyldige tabellariske fortegnelser. Blant de mer omfattende skal nevnes 1.1. *Leksikalske navn* – med opplysninger om kildens skrivemåte og om tid og sted for forekomst (s. 108–131), 1.3 *Navn som ikke forekommer i NPL* (f.eks. *Paurujenne!*, *Skjolda* og 68 andre) (s. 132 f.), 1.5 *Navn med mellomnavns karakter i navnematerialet*, samt 1.6 *Oversikt over barn og foreldre ved bruk av navn med mellomnavns karakter* (s. 136–139).

I vedlegg 2 følges disposisjonen fra kap. 6.2, og for hvert område og for hver periode legger Vollestad fram oversiktlige tabeller eller lister over *Førsteposisjonsnavn*, *Andreposisjonsnavn* osv., *Hyppigste navnekombinasjoner*, *Stavelsesstruktur*, *Navneprovenienskombinasjoner* og endelig en liste med hele periodens materiale av *flernavns kombinasjoner* – f.eks. for Moss i 1850-årene ikke mindre enn 752 forekomster, fra de vanligste, *Anne Marie* (14) og *Anne Kirstine* (8), til de enestående *Valborg Rinanda Eugenia* og *Emma Ovidia Alice Henriette Constance*; i sannhet en interessant leseopplevelse.

Tom Schmidt
tom.schmidt@iln.uio.no

JAMFØRING AV STADNAMN I FJALER OG PÅ FÆRØYANE

Line Lysaker Heinesen: *Stedsnavn i Fjaler og Leirvik. En beskrivelse og sammenlikning av to stedsnavnmateriale fra Fjaler i Norge og Leirvik på Færøyene*. Masteroppgåve i nordisk, Universitetet i Oslo, våren 2008. 109 sider.

Målet med denne oppgåva er «å studere og beskrive stedsnavnmateriale fra Fjaler og Leirvik, og å sammenlikne disse to materialene». Innleiingsvis peikar forfattaren på at tida som er avsett til ei masteroppgåve, gjer at materialet ikkje kan få ei uttømande drøfting. Det inneber òg at primærmaterialet ikkje har kunna kontrollerast ut over det som er gjort tilgjengeleg i dei aktuelle samlingane. Dette er ein veikskap som lyt akseptert ut frå dei føreliggjande føresetnadene. Det viser òg at det ikkje lenger er råd innanfor dei etablerte rammene for ei masteroppgåve å samla inn og kontrollera eit større materiale eigenhendig, slik det har vore praksis ved tidlegare hovudoppgåver i namnegransking.

Som forfattaren med rette gjer greie for, har det vore gjort lite av klassifiserande og komparativ gransking av ulike stadnamnmateriale, og såleis kan ein seia at det er eit lite stykke nybrottsarbeid som her ligg føre. Oppgåva er delt inn i femten (unummererte) kapittel pluss namneregister og litteraturliste. To oversiktskart over dei to undersøkingsområda gjev ei grei orientering, men kunne vore noko meir forseggjorde. Det vert gjeve to relativt korte, men informative oversyn over dialektane i Fjaler og på Færøyane.

Det største kapitlet er ei alfabetisk ordna oppstilling av hovudledda i namnematerialet frå begge områda (30 sider), der kvart ledd vert diskutert saman med relevante namnedøme. Slik får ein god innsikt i likskapar og ulikskapar i dei to materiala. Den nære skyldskapen mellom dei to språka kjem fram både i dei mange identiske ordformene som *berg*, *brot*, *grind*, *kleiv*, og ved mange nesten identiske ord, som *botn* – *botnur*, *dal* – *dalur*, *hage* – *hagi* (i dei siste tilfella er det berre nominativsendinga som utgjer skilnaden). Ei slik samla oppstilling fungerer etter mitt syn betre enn om det hadde vore to separate oppstillingar.

Det neste store kapitlet tek føre seg tydingsinnhaldet i utmerkingsledda (23 sider). Etter å ha drøft ulike inndelingskriterium med tilvising til ei rekkje fagbøker går forfattaren inn for ei inndeling i 11 kategoriar. Desse er namn der utmerkingsleddet er 1) personnamn eller personnemne, 2) dyre- eller fuglenemne, 3) nemne for overnaturlege vesen, 4) tre- eller plantenemne, 5) nemne for byggverk, 6) nemne for kulturlokalitet, 7) nemne for naturlokalitet, 8) adjektiv, 9) adjektiv som viser til lægjet, 10) problematiske utmerkingsledd, 11) preposisjonsnamn. Under kvar kategori vert utmerkingsledda drøfte og tolka, dei aller fleste på ein overtydande måte. Men det skal nemnast at ved *Luteneset* og *Luteåna* har ikkje fonemanalysen

kome til sin rett ettersom forleddet vert sett til *lut* m. ‘part’, alternativt *luta* vb. ‘bøya seg’, og *lut* m. ‘væske’; her vil den opne uttalen av den trykk-tunge vokalen skilja mellom opphavleg kort og lang *u* (det siste er tilfellet med *lut* i tydinga ‘væske’).

I kapitlet «Om naturnavn og kulturnavn» vert tilhøvet mellom dei to gruppene diskutert med bakgrunn i relevant litteratur og kjeldemateriale. Dette er ei problemstilling som har vore omfatta med større interesse i norsk enn i utanlandsk stadnamngransking. Spørsmålet er mellom anna korleis ein skal kategorisera eit gardsnamn som *Vik*. Opphavleg er det utan tvil eit naturnamn, men som gardsnamn får det eit preg av kultur og vert oftast handsama i ei eiga gruppe for bustadnamn. Her er det med forfattaren rett å gå ut frå ulike nivå, det eine språkhistorisk, det andre funksjonelt. Kommentaraner i oppgåva er klårgjerande. Elles vert språklege kategoriar som ubunden/bunden form, samansette/usamansette namn stilte opp og samanlikna. Til slutt kjem oppsummering og konklusjon. Teiknsetjing, rettskriving og referanseapparat tilfredsstillar fullt ut krava til akribi. I litteraturlista kunne eit verk som Lis Weises bok *Efterstilled adjektiv i danske stednavne* (1969) vore vist til i samband med diskusjonen av namn med etterstilt adjektiv.

Forfattaren har arbeidd ut frå ein hypotese om at den topografiske og språklege skyldskapen mellom dei to undersøkte områda gjer det sannsynleg å finna mange samanfallande trekk, m.a. i bruken av etterledd. Det har ho langt på veg fått stadfest, men samstundes har ho kunna slå fast at det er ei rekkje skilnader i dei to materiala. Desse har ho fått godt fram gjennom den metoden ho har lagt til grunn.

Det er gjort nytte av tabellariske oversyn over ulike namnetypar og ledd, og hovudregisteret bak i oppgåva er eit spesielt nyttig grunnlag for å samanlikna dei to materiala.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

NASJONALE KONFERANSAR I NAMNEGRANSKING KONFERANSERAPPORTAR

1. Nasjonal konferanse i namnegransking. Foredrag og diskusjon frå ein konferanse på Blindern 23. oktober 1981. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1982. (Hovudemne: Samiske namnearkiv og utgjeving av bustadnamn.) 68 sider.
2. Den 2. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 19. november 1982. Foredrag og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1983. (Hovudemne: Databehandling av stadnamn og personnamn.) 93 sider.
3. Den 3. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1983. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1984. (Hovudemne: Etterreformatoriske kjelder i namnegransking.) 120 sider.
4. Den 4. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 22. november 1985. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1987. (Hovudemne: Lydskrift, særleg ved stadnamnregistrering.) 194 sider.
5. Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1988. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. (Hovudemne: Skriftleg og munnleg normering av stadnamn.) 149 sider.
6. Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 23. november 1990. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. (Hovudemne: Vitskaplege prosjekt i namnegransking.) 146 sider.
7. Den 7. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 19. november 1993. Stadnamn og kulturlandskapet. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1995.
8. Den 8. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 22. november 1996. Namnegransking som studie- og undervisningsfag. Seksjon for namnegransking. Institutt for nordistikk og litteraturvitskap. Universitetet i Oslo 1997. 169 sider.
9. Den 9. nasjonale konferansen i namnegransking, Blindern 11. – 12. mai 2000. Namn gjennom 2000 år – namn i år 2000. Seksjon for namnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo 2000. 226 sider.
10. Den 10. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 9. mai 2003. Gustav Indrebø og norsk namnegransking. Seksjon for namnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo. 130 sider.

Rapportane frå dei åtte fyrste konferansane kostar kr 60,-, rapporten frå den niande kostar kr 100,- og rapporten frå den tiande kostar kr 70,-. Kan tingast frå Institutt for lingvistiske og nordiske studium, postboks 1102 Blindern, 0315 Oslo. Tel. 22 85 43 75, faks 22 85 43 81, e-post: kristoffer.kruken@iln.uio.no.

NYTTIGE E-POSTADRESSER OG VEV-SIDER

Vil du ha e-post-kontakt med redaksjonen av *Namn og Nemne*, så er adressa denne: **gunnstein.akselberg@hf.uib.no**

Vil du tinga bøker og skrifter frå Seksjon for namnegransking, kan du skriva, ringja, faksa eller senda e-post til:

Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Boks 1102 Blindern, 0315 Oslo
Tlf. 22 85 43 75, faks 22 85 43 81, e-post: **kristoffer.kruken@iln.uio.no**

Seksjonen har denne heimesida:

www.hf.uio.no/iln/forskning/forskergrupper/namn/

Dokumentasjonsprosjektet har denne heimesida:

www.dokpro.uio.no

Statens kartverk, Hønefoss, har denne heimesida:

www.statkart.no

Sentralt stadnamnregister:

ngis2.statkart.no/norgesglasset/default.html

Internettadresse for dei viktigaste nordiske namneinstitutta og kartverka:

Danmark: **navneforskning.ku.dk**, **www.kms.dk**

Færøyane: **www.setur.fo/00474**, **www.matrikul.fo**

Finland: **www.kotus.fi/svenska**, **www.nls.fi**

Island: **nefnir.is**, **www.lmi.is**

Sverige: **www.sofi.se**, **www.lantmateriet.se**

Heimesida åt NORNA (nordisk samarbeidskomité for namnegransking):

www.norna.org

Heimesida åt ICOS (International Centre of Onomastics):

fuzzy.arts.kuleuven.ac.be/icosweb/

Heimesida åt UNGEGN (United Nations Group of Experts on Geographical Names):

unstats.un.org/unsd/geoinfo/